



Innkalling
av
Administrasjonsutvalet

Møtedato: 24.11.2016
Møtestad: Nytt bygg i Knarvik (tidl. Western Geco)
Møtetid: 09:30 - 11:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 56 37 50 00, sms til 474 64 145 eller per epost til ftm@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 11:00 er det felles synfaring i bygget for administrasjonsutvalet og formannskapet.

Kl. 11:30 er det felles lunsj

Sakliste

Saknr	Tittel
018/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/16	Godkjenning av møteprotokoll
020/16	Informasjonssaker fra rådmannen
021/16	Økonomiplan 2017-2020

16. november 2016

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/16	Administrasjonsutvalet	PS	24.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/3576

Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
019/16	Administrasjonsutvalet	PS	24.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/3576

Godkjenning av møteprotokoll 20.10.2016

Vedlegg:

Protokoll - Administrasjonsutvalet - 20.10.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Møteprotokoll for Administrasjonsutvalet

Møtedato: 20.10.2016
Møtestad: Kantina, rådhuset
Møtetid: 10:00 - 11:20

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Utvalseiar
Dag Hugaas	AP	Nestleiar
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Liv Berit Haukås	FAG	Medlem
Jarle Næss	UTD	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Vigdis Markussen	DE	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Elisabeth Øye Halle	SPL	Vigdis Markussen

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ole Georg Hoaas-organisasjonssjef, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
013/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/16	Godkjenning av møteprotokoll
015/16	«Politisk styringsstruktur og reglement» med felles etiske retningslinjer for politiske nivå og tilsette.
016/16	Orienteringssak: Ny medarbeidarundersøking vert teke i bruk for Lindås kommune
017/16	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 20.10.2016

013/16: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

20.10.2016 Administrasjonsutvalet

Ingen merknader, samrøystes.

ADM - 013/16 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

014/16: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

20.10.2016 Administrasjonsutvalet

Ingen merknader, samrøystes.

ADM - 014/16 VEDTAK:

Møteprotokollen frå 26.05.2016 er godkjent

015/16: «Politisk styringsstruktur og reglement» med felles etiske retningslinjer for politiske nivå og tilsette.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Administrasjonsutvalet har tatt utkast til «politisk styringsstruktur og reglement) med etiske retningslinjer, til orientering. Synspunkt som kom fram i administrasjonsutvalet vert fanga opp for det vidare arbeidet i arbeidsgruppa.

20.10.2016 Administrasjonsutvalet

Utvalet gjekk gjennom reglementet for administrasjonsutvalet (kap 11)

Etiske retningslinjer:

Kommunale retningslinjer for bruk av sosiale medier skal etterlevast.

Ellers ingen merknader, samrøystes

ADM - 015/16 UTTALE:

Administrasjonsutvalet har tatt utkast til «politisk styringsstruktur og reglement) med etiske retningslinjer, til orientering. Synspunkt som kom fram i administrasjonsutvalet vert fanga opp for det vidare arbeidet i arbeidsgruppa:

Kommunale retningslinjer for bruk av sosiale medier skal etterlevast.

016/16: Orienteringssak: Ny medarbeidarundersøking vert teke i bruk for Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

20.10.2016 Administrasjonsutvalet

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM - 016/16 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet tek saka til orientering

017/16: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 20.10.2016**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Meldinga vert teke til orientering

20.10.2016 Administrasjonsutvalet

- Foreldretilgang i Visma Flyt Skule
- Lindås kommune som «TISA-fri sone»

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ADM - 017/16 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/16	Administrasjonsutvalet	PS	24.11.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	16/3576

Informasjonssaker fra rådmannen

Vedlegg:

- Forslag til private retningsliner. - Forslag til retningsl. off.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

- Status kommuneprosess Lindås – Meland – Radøy
- Retningsliner for bruk av sosiale medier (sjå vedlegg)
- Status prosjekt i Lindås 2019
- Oppstart med personalhandboka elektronisk på Lindås kvalitet



Tilsette på sosiale medier

Privat bruk av sosiale media er i utgangspunktet opp til den enkelte og høyrer privatlivet til. Vi respekterer dei tilsette sin yringsfridom, men samstundes stiller sosiale media oss ovanfor nokre problemstillingar t.d. når det gjeld brukarar og deira personvern. Som tilsett er du med på å skape kommunen sitt omdømme, og alle tilsette er kommunen sine ambassadørar. Det er difor viktig at du tenkjer nøye gjennom korleis du brukar sosiale media på ein god og riktig måte.

Retningslinjer:

- **Ver gjerne aktiv i sosiale media, men hugs at du jobbar i Lindås kommune!**
 - Sjølv om du uttalar deg som privatperson, kan det vere lett for andre å tenke at ytringa di representerer Lindås kommune.
 - På sosiale media skal vi ikkje omtala
 - Tiejpliktige tema
 - Kundar, leverandørar og samarbeidspartnarar
 - Elevar/pårørande/brukarar
 - Konkrete arbeidsoppgåver
 - Hugs at alle tilsette i kommunen er dine kollegaer. Uttal deg ikkje negativt om andre kollegaer, leiarar, medarbeidarar eller einingar.
 - Tenk gjennom kva for ei rolle du har i sosiale media. Privat og profesjonell rolle vert lett kopla saman, ver bevisst på at sjølv om du ytrar deg som privatperson kan dette oppfattast som Lindås kommune si ytring. Jo meir profilert rolle du har i kommunen, jo tettare er koplinga.
 - Hugs at du er personleg ansvarleg for alt du publiserer og at denne informasjonen er tilgjengeleg for alle med tilgang til din profil i lang tid. Ver varsam og vis god folkeskikk.
 - Intern informasjon høyrer ikkje heime i sosiale media. Ta diskusjonen om jobbrelaterte forhold direkte med kollegaene og leiaren din - aldri på sosiale media.
 - Respekter kollegaer og andre sitt personvern. Spør om lov før du delar video, «taggar» eller legg ut bilete av kollegaer. Bilete og video frå arbeidsstaden eller sosiale treff etter arbeid skal ikkje utan vidare publiserast på nett.
 - Internett har ingen angreknapp! Det du skriv vil vere tilgjengeleg i lang tid, og kan lett vidareformidlast av andre.

- **Venskap i sosiale media og deltaking i grupper.**
 - Tenk gjennom om du som privatperson skal ha kontakt med elevar, pårørande, brukarar eller leverandørar i sosiale media. Sjølv om du syns dette er greitt kan det på sikt føre til problem. Lindås kommune ber om at slik kontakt vert redusert til minst mogleg og tilsette skal ikkje ta initiativ til slik kontakt.
 - Ver varsam med deltaking i andre nettverk/grupper, der brukarar og pårørande er medlem. Opptre på ein måte som gjer at tilliten til kommunen og tenestene vert oppretthalde.





Lindås kommune på sosiale media

Aktiv bruk av sosiale media er ein god måte å kommunisere med omverda på. I Lindås kommune er vi positive til dette, og ønskjer å bruke slike kanalar til å informere om kommunen og tenestene våre. Likevel stiller etikk, teieplikt og personvernsomsyn strenge krav til den som skal uttale seg på vegne av kommunen. Det er også viktig at tilliten til kommunen ikkje må svekkast gjennom vår bruk av sosiale media.

Einingar, avdelingar eller prosjekt som ønskjer å bruke sosiale media som kommunikasjonskanal skal alltid kontakte informasjonsrådgjevar før kontoar eller sider vert oppretta. Informasjonsrådgjevar skal ha oversikt over all kommunikasjon på sosiale media og gjev råd om strategiar, mål og val av kanal.

Lindås kommune har i dag nokre tenesteområde som er aktive i sosiale media, og ei offisiell facebook-side for heile kommunen. Desse skal brukast til:

- Nyheiter og informasjonsdeling
- Prosjekt og kampanjar
- Dialog med innbyggjarar i kommunen

Retningslinjer for administratorar:

I utgangspunktet skal berre administratorar av avdelingsvise sosiale media-kontoar uttala seg på vegne av kommunen i sosiale media. Administratorar av sosiale media-kontoar skal:

- Skrive generelt om aktiviteten i avdelinga eller prosjektet. Verken brukarar eller tilsette skal nemnast med namn utan at det er henta særskilt samtykke til dette.
- Bruke bilete aktivt, men pass på at det er umogleg å identifisere brukarar og tilsette – utan at det er henta særskilt samtykke til dette.
- Svare på spørsmål og kommentarar i opningstida.
- Takke for positive tilbakemeldingar og skryt!
- Skrive under svara med ditt eige fornamn.
- Sakleg? Formell? Humoristisk? Tilpass svara dine litt etter innhaldet og form på førespurnaden. Unngå sarkasme og ironi. Alle ytringar skal vere partipolitisk nøytrale og ikkje diskriminerande.
- Forsøke å involvere og engasjere – be gjerne om dialog og tilbakemelding.
- Svare på nøytrale kommentarar som rettar seg til kommunen.
- Alltid svare på negative kommentarar på ein saklig og høfleg måte. Usaklege kommentarar skal rettast vidare gjennom offisielle kanalar som e-post og telefon.
- Rette opp faktafeil.
- Vere bevisste på skiljet mellom administrativt og politisk nivå, og opplyse om dette.
- Ikkje gje eigne vurderingar av saker som er til politisk behandling, vis til offisielle kanalar og saksong.
- Ikkje bruke sosiale media i krisar der rådmannen har sett krisestab. Då skal all kommunikasjon på sosiale media gå via informasjonsrådgjevar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
021/16	Administrasjonsutvalet	PS	24.11.2016
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	16/1808

Økonomiplan 2017-2020

Vedlegg:

- Økonomiplan 2017-2020 rådmannen sitt framlegg 14.11.2016 - Statsbudsjett2017-kommuneopplegget - Til Lindås kommune ved ordførar og rådmann - budsjettsøknadar 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Investeringsbudsjettet for 2017 er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre mindre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune opp 115 225 000 kr i lån på generelle investeringar i 2017 og 122 000 000 kr i lån på sjølvkostområdet (vann og avløp). Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.

2. Økonomiplan for 2017-2020 og årsbudsjett for 2017 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2017 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.

3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettetert innsparing til tenesteområda.

4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2017 skrivast ut igedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.

5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak og nedsetting- /ettergjeving.

6. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.

7. Det skal overførast 2 000 000 kr frå generelt disposisjonsfond til fond for nærmiljø og friluftsanlegg.

8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 000 000 kr.

9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.

10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 1 097 383 kr og til varaordførar 438 953 kr for 2017.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret



LINDÅS KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 14. NOVEMBER 2016



DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



Framlegg til vedtak:	4
Rådmannen si innleiing til budsjettet	5
Disponible inntekter	8
Renteinntekter og utbytte	9
Rente- og avdragsutgifter	10
Disposisjonsfond.....	11
Økonomiplan for tenesteområda	13
Skjema 1B, netto driftsutgifter.....	13
Innsparingstiltak 2017 - 2020.....	13
Strategiske satsingsområder	13
Årsverk.	15
Politisk styring	16
Administrativ styring, andre støttefunksjonar	17
Budsjett og økonomiplanperiode.....	17
Oppvekst	18
Budsjett og økonomiplanperiode.....	18
Barnehagar	19
Lindås vaksenopplæring	20
Læringssenteret	21
PPT.....	21
Helsestasjon for born og unge.....	21
Ungdomskontakten Salto	21
Barnevern	21
Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune.....	21
Pleie og omsorg	23
Budsjett og økonomiplanperiode.....	23
Forvaltningskontor	23
Sjukeheimar	23
Heimetenesta	23
Tenester for funksjonshemma	23
Helse og sosial	25
Budsjett og økonomiplanperiode.....	25
Eining for Helseteneste.....	25
NAV.....	26
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	27

Budsjett og økonomiplanperiode	27
Næring	28
Kultur og aktivitetar	28
Plan og arealforvaltning	28
Teknisk drift	28
Brann- og redningsteneste:	28
Eigedom	28
Investeringsbudsjett	30
Innleiing	30
Kommentarar til prosjekta	33

Framlegg til vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2017 er basert på forventna framdrift på tidlegare vedtekte prosjekt i tillegg til nokre mindre nye prosjekt og rammer. Ut frå framdriftsplanen tar Lindås kommune opp 115 225 000 kr i lån på generelle investeringar i 2017 og 122 000 000 kr i lån på sjølvkostområdet (vann og avløp). Låna har flytande rente og 30 års nedbetalingstid.
2. Økonomiplan for 2017-2020 og årsbudsjett for 2017 blir vedteke. Årsbudsjettet for 2017 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei seks tenesteområda, jf. eigen tabell.
3. Rådmannen får fullmakt til å fordele sentralt avsett lønsauke og sentralt budsjettert innsparring til tenesteområda.
4. I medhald av eigedomsskattelova, §§ 2 og 3 bokstav c), skal det for skatteåret 2017 skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskattesatsen er 7 promille (jf. esktl. §11). Eigedomsskatten skal betalast i to terminar. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt bruker kommunen vedtekter for taksering av eigedomsskatt gjeldande frå 1.1.2013.
5. Formannskapet får fullmakt til å avgjera ein-skildsaker om skattefritak og nedsetting-/ettergjeving.
6. Det vert gjeve ei ramme på 950 000 kr til kontrollutvalet.
7. Det skal overførast 2 000 000 kr frå generelt disposisjonsfond til fond for nærmiljø og fri-luftsanlegg.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Lindås kyrkjelege fellesråd på 11 000 000 kr.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til 1 097 383 kr og til varaordførar 438 953 kr for 2017.

Rådmannen si innleiing til budsjettet

Rom for vidare utvikling

Lindås kommune har dei siste åra sett i verk mange utviklingsprosessar knytt til tenester, organisasjon og samfunn. Rådmannen ønskjer at kommunen i økonomiplanperioden skal halde fram med ein offensiv utviklingsstrategi, men det krev at kommunen klarer å skape det økonomiske handlingsrommet som har vore hovudmål i fleire år. Nøkkelen til eit slikt handlingsrom er ein riktig balanse mellom driftsnivå og investeringar. Kommunen har eit ambisiøst investeringsprogram med mange store utbyggingsprosjekt, og i tillegg er det ønske om nye investeringar. Skal vi gjennomføre dette, må vi klare innsparingsmåla som ligg i denne økonomiplanen. I tillegg vil nye investeringar krevje fleire varige innsparingstiltak.

Hovudmål for utviklinga

Rådmannen ønskjer å fortsette det utviklingsløpet som blei lagt i samband med økonomiplanen for 2015-2018. Med blikket retta mot ny kommune i 2020, er det lagt opp til følgjande hovudmål for utviklinga av Lindås kommune:

- Skape eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling
- Sikre betre styring og kvalitet i tenesteproduksjonen
- Utvikle effektive og smarte arbeidsprosesser som har meirverdi for kunde og brukarar

Det er desse hovudmåla som også ligg til grunn i utarbeidinga av økonomiplanen for 2017 - 2020. For å nå desse hovudmåla jobbar organisasjonen etter den politiske bestillinga som kom i budsjettprosessen for 2015:

1. Redusera driftskostnadene slik det går fram av økonomiplanen.
2. Utvikla kommuneorganisasjonen slik at den står rusta til å møte utfordringane i åra framover.

Kor står vi i dag?

Med bakgrunn i hovudmål og politisk bestilling har kommunen arbeidd etter fleire aksar:

1. Reduksjon av driftskostnadar og innsparingstiltak har vore avgjerande for å sikre økonomisk handlingsrom, og er gjennomført som ein del av økonomiplanprosessen. I økonomiplanane dei siste to åra er det lagt inn oversikt over konkrete innsparingstiltak, og samla sett er det lagt inn innsparingstiltak på rundt kr 50 mill i kvar 4 års periode. I desse åra har kommunen klart å realise-

re dei innsparingstiltaka som har lagt i dei årlege budsjetta.

2. Utvikling av kommuneorganisasjonen blei i 2014 lagt inn som utviklingsprogrammet «Lindås 2019» med mottoet «Ein betre kommune». Målet med programmet er å utvikle ein organisasjonen som har:

- Betre styring,
- Betre leiing,
- Betre prosjektstyring,
- Betre økonomistyring,
- Betre planverk
- Betre arbeidsprosessar
- Betre brukarorientering i tenestene.

Programmet består av ei rekkje utviklingsprosjekt, og følgjande områder har vore i fokus:

Plansystem: Oppbygging av eit tydelig plansystem, kor politikken blir tydeliggjort i overordna planar og tiltaksplanar blir kopla opp mot økonomiplanen. Verksemdsplanar blir utarbeidd på einings- og avdelingsnivå for å sikre god styring og gjennomføring av vedtatt politikk.

Prosjektstyring: Alle utviklings- og investeringsprosjekt skal gjennomførast etter vedtatt prosjektstyringsreglement. Dette har lagt til rette for betre prosjektstyring og tydelegare organisering, medverknad og ansvarsavklaring på ulike nivå i organisasjonen.

Heilskapleg styring og internkontroll: Det er bygd opp eit felles kvalitetssystem som skal sikre at tenester blir utført etter dei krav som er til kvalitet i tenestene. I tillegg er det utarbeidd dokument og system som sikrar betre internkontroll og oppfølging av avvik. Etablering av verksemdsplanar blir sentralt i det å ha heilskapleg styring i organisasjonen.

Organisering: Heile kommuneorganisasjonen har vore gjennom sektorvise organisasjonsprosessar, som skal sikre at vi har ein organisasjon som løyser oppgåvene på best mulig måte. Her har det vore stort fokus på korleis fagområder, åleine og tverrfaglig, løyser oppgåver til det beste for kunde og brukar. I tillegg har det vore viktig å styrke og tydeliggjere leiarrollene i organisasjonen.

Kontinuerlig betring: Ein viktig del av utviklinga til kommunen er å sikre auka kundefokus i arbeidsprosessar og jakte etter tiltak som kan betre arbeidsprosessane. Her har organisasjonen tatt i bruk kontinuerlig betring som metode, og Lean er innført som eit verktøy og ein driftsstrategi.

3. Kommunen har også hatt mange andre strategiske satsingsområde for å sikre god tenesteutvikling og attraktiv samfunnsutvikling. Viktige satsingar er mellom anna:

- Vere leiande i utvikling av omsorgsteknologi
- Store investeringar i nye skular
- Det er laga vedlikehaldsstrategiar for kommunale bygg og vegar som sikrar meir verdibevarande vedlikehald.
- Sentral aktør i utvikling av eit regionalt helsehus
- Aktiv rolle i utbygging av grunnleggjande infrastruktur, mellom anna i Knarvik og på Mongstad.
- Det er bygd opp ulike fond som skal vere verktøy for å sikre ei målretta utvikling, mellom anna innan næring, infrastruktur og trafiksikring.
- Aktivt trafiksikringsarbeid, er utnevnt til trafiksikker kommune.
- Starta utviklinga av digitale tenester og aktiv kundeservice.

Strategiske satsingar i perioden

Rådmannen legg opp til å vidareføre mange av dei strategiske satsingsområda som allereie er starta knytt til tenester, organisasjon og samfunnsutvikling. I 2016 er det gjennomført fleire overordna planar, som er tydeligare på kva politikk kommunen skal ha på enkelte områder. Det er mellom anna laga kommunedelplan for oppvekst og ein kommunedelplan for idrett, friluftsliv og aktivitet. Desse planane har konkrete handlingsplanar med tiltak, som er prioritert inn i økonomiplanen. Det er slik vi får finansiert og gjennomført den politikk som er vedtatt. Innan oppvekst blir det satsa på tidlig innsats, med konkrete satsingar innan skule og barnehage. I tillegg blir det satsa på ein ungdomskoordinator. Innan idrett og friluftsliv blir det mellom anna satsa på gratis hall for barn og unge, og det blir etablert eit fond som kan sikre utvikling av nærmiljø- og friluftsanlegg. Det blir også lagt inne styrking av ressursar til beredskapsplanlegging og til vidare satsing på Lean.

Det er lagt opp til at kommunen skal ta ei meir aktiv rolle i samfunnsutvikling og utbygging. Prinsippa for utbyggingsavtalar blei endra i 2016, slik at kommunen sjølv kan stå som byggherre i store utbyggingsprosjekt. Dette er eit viktig verkemiddel for at næringslivet skal spare kostnader med moms. Ei slik aktiv rolle vil krevje fleire ressursar og anna kompetanse i organisasjonen. I 2017 vil rådmannen vurdere å bygge opp ein organisasjon som kan handtere desse prosjekta. Ei slik aktiv rolle er mellom anna viktig i satsinga på

byutvikling i Knarvik og næringsutvikling på Mongstad.

I 2017 vil kommunen ha eit særleg fokus på kundeorientert forvaltning og kundeservice. Det er tilsett ein prosjektleiar som skal vere med å bygge opp ein god servicekultur i heile organisasjonen. Det er starta eit arbeid med å bygge opp eit nytt kundesenter på rådhuset, som skal løyse fleire oppgåver til det beste for kundane. Ein viktig del av strategien med betre kundeservice, er satsing på digital forvaltning og tenesteproduksjon. Mellom anna blir det jobba med utvikle nye nettsider som er tilpassa dei behov og ønskjer innbyggjarar og andre har. Målet er at kundar og brukarar skal hjelpa seg mest mulig sjølv.

I åra fram til 2020 skal kommunen utarbeide fleire overordna planar, som dannar grunnlaget for den nye kommunen. Lindås skal mellom anna revidere kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. I tillegg skal det utarbeidast nye områdeplanar i alle nærsenter i kommunen.

Rammer, drift og investering

Statsbudsjettet legg premissane for kva rammer kommunen har det komande året. I 2017 vil lågare skatteinntekter og endringar i inntektssystemet gjere det økonomiske handlingsrommet mindre. Auken på 1,9% i dei frie inntektene frå 2016 til 2017, er lågare enn kostnadsutviklinga som ligg på 2,5% i statsbudsjettet. Det betyr at det er naudsynt å gjere andre prioriteringar og fleire innsparingstiltak i økonomiplanen 2017 – 2020, enn det som vart vedteken våren 2016. Desse endringane vert gjort reie for under kapittelet Økonomiplan for tenesteområda.

I motsetnad til mange andre kommunar, har Lindås kommune dei seinare åra hatt gode føresetnadar for å ha eit økonomisk handlingsrom. Kommunen har hatt høge inntekter frå eigedomsskatten, og desse inntektene er brukt til å gje gode tenester med høg kvalitet. Lindås kommune har i hovudsak brukt det økonomiske handlingsrommet til å finansiere eit høgare driftsnivå. Samanliknar vi Lindås med andre tilsvarande kommunar (KOSTRA), er det på fleire områder langt høgare driftskostnader, spesielt innanfor oppvekst og pleie/omsorg. Det er også innanfor desse sektorene Lindås kommune framleis har størst potensiale til å etablere eit lågare driftsnivå.

For å kome i balanse har rådmannen i økonomiplanperioden lagt inn innsparingstiltak på totalt kr 49,4 mill. For 2017 er det lagt inn nye innsparingstiltak på nær kr 13 mill, og det er pleie/omsorg og oppvekst som har dei største innsparingstiltaka.

Rådmannen vidarefører i hovudsak dei investeringane som låg i førre økonomiplan. Det betyr store investeringar i nye skular, idrettsanlegg, vatn, avløp, infrastruktur og byutvikling. Det er eit ambisiøst investeringsprogram, i tillegg er det ønskje om å prioritere nye investeringsprosjekt. Skal kommunen klare å gjennomføre ein slik offensiv utviklingsstrategi, er det heilt avgjerande at kommunen gjennomfører dei innsparingstiltaka som er lagt inn i økonomiplanen. Nye investeringsprosjekt vil krevje ytterligere innsparingar i drifta.

Investeringane i Lindås kommune er i hovudsak finansiert gjennom låneopptak. Resultatet er høge driftskostnadar, høge kapitalkostnadar og høg gjeld. I 2020 vil gjelda vere på kr 1,6 mrd. Det er lagt inn ei forventning om låg lånerente i økonomiplanperioden. Det er naturleg med ei auke i lånerenta på sikt, noko som vil bety ein auka driftsbelastning. Det vil derfor ikkje vere mogleg å finansiere renter og avdrag på investeringane i like stor grad i seinare år, utan å gjere ytterligere innsparingstiltak i åra etter økonomiplanperioden.

Finansieringsprofilen på investeringane er betydelig endra sidan førre økonomiplan (2016 – 2019) I denne økonomiplanen er det lagt opp til eit låneopptak i 2017 - 2020 på 508 mill. kr for generelle investeringar, noko som er ein auke på 280 mill. kr sidan førre økonomiplan. Dette skuldast i hovudsak at det ikkje er lagt opp til å nytte oppsparte midlar til å finansiere investeringane. Det kjem opp politisk sak våren 2017 der det skal avgjerast om tidligare oppsparte midlar skal plasserast (langsiktig kapitalforvaltning i samsvar med finansreglementet), eller ikkje. Dette vedtaket vil legge føringar for korleis investeringane vert finansiert i økonomiplanperioden.

Særlege forhold i perioden

Våren 2016 vedtok Lindås kommune å slå seg saman med Radøy og Meland. Dette blir endeleg avklart i Stortinget våren 2017, og ny kommune skal vere klar til 01.01.2020. Det betyr at siste året i økonomiplanen vil vere første år i ny kommune. I økonomiplanen for 2017 – 2020 er det ikkje lagt inn tal for den nye kommunen, og 2020 er derfor berre ein indikasjon på korleis Lindås kommune står fram mot ein ny kommune. Arbeidet med å utarbeide økonomiplan for den nye kommunen vil starte opp etter at fellesnemda er etablert. I tida fram til 2020 vil det vere mange parallelle løp. Det blir arbeidd med å etablere ny kommune, i tillegg til å drifte den eksisterande kommunen.

I tillegg blir prosessen med nytt helsehus i Knarvik eit viktig prosjekt i perioden. Mange av dei kommunale tenestene skal inn i bygget og målet er å bygge opp eit regionalt kompetansesenter i samarbeid med dei andre kommunane i regionen og Helse Bergen.

Opptakt til budsjettprosessen

Rådmannen gjorde greie for budsjettutfordringane i 2017 og i økonomiplanperioden på formannskapsmøta 30 og 31 mai, og økonomiplan for 2017 – 2020 var oppe til politisk handsaming 9.juni (FO) og 16. juni (kommunestyret).

Rådmannen sitt framlegg er drøfta med dei hovduttillitsvalde. Informasjon om rådmannens budsjettforslag vart gjeve i HTV-møte 7. november 2016.

Disponible inntekter

Rammene for drifta av dei kommunale tenestene vert lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter (skjema 1A).

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Fleire av desse postane har kommunen liten påverknad på –

men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som er med å setja dei økonomiske rammene for drifta av kommunen. Når det gjeld kolonne for budsjett 2016, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30. august.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Skatt på inntekt og formue	-374 667	-393 122	-400 967	-402 961	-402 961	-402 961
Ordinært rammetilskot	-386 603	-408 312	-415 681	-408 493	-408 734	-409 185
Eigedomsskatt	-158 406	-163 470	-164 470	-161 059	-160 059	-165 059
Andre generelle statstilskot	-19 144	-25 722	-47 426	-54 191	-57 885	-56 062
Konsesjonskraft, avgift	-93	-150	-90	-90	-90	-90
Frie disponible inntekter	-938 913	-990 776	-1 028 634	-1 026 794	-1 029 729	-1 033 357
Renteinntekter og utbytte	-23 641	-20 523	-22 692	-24 652	-26 727	-28 542
Renteutgifter	22 355	19 268	21 268	22 908	30 459	34 055
Avdragsinntekter (VA)	-2 655	-3 083	-7 441	-11 830	-13 363	-14 943
Avdrag på lån	35 888	38 246	45 761	51 947	57 715	63 530
Netto finansutgifter	31 947	33 908	36 896	38 373	48 084	54 100
Premieavvik pensjon	15 902	-4 462	-24 525	15 756	-23 216	8 388
Bruk av premiefond	-15 014	-9 000	-17 115	-10 000	-10 000	-5 000
Avsett til disposisjonsfond	42 151	47 914	49 262	28 851	46 714	44 015
Bruk overskot tidlegare år		-19 636				
Bruk av disposisjonsfond	-25 960	-6 511	-10 215	-34 740	-18 984	-42 200
Bruk av bundne fond						
Netto avsetningar	17 079	8 305	-2 593	-133	-5 486	5 203
Momsrefusjon investeringsaktivitet						
Overført til investeringsrekneskap 1)		31 379	31 379	31 379	31 379	31 379
Til fordeling drift	-889 875	-917 184	-962 952	-957 175	-955 752	-942 675
Motpost avskrivningar	-30 935	-40 975	-40 975	-40 975	-40 975	-40 975
Sum til fordeling drift	-920 822	-958 159	-1 003 927	-998 150	-996 727	-983 650
Netto driftsutgifter tenesteområda	901 174	958 159	1 003 927	998 150	996 727	983 650
Meirforbruk/mindreforbruk	-19 648	0	0	0	0	0
Avsetning til disp.fond uten premieavvik			1,4 %	1,0 %	0,4 %	1,0 %

Det er ein auke på 1,9 % i dei frie inntektene frå 2016 til 2017, noko som er lågare enn kostnadsde-

flatoren på 2,5% som det er lagt opp til i statsbudsjettet (landgjennomsnittet).

RAMMETILSKOT, SKATT	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Innbyggertilsk. (likt beløp pr innb)	379 003	355 944	365 614	366 770	367 596	368 035
Utgiftsutjevning		23 697	8 013	8 053	8 076	8 088
Overgangsordn./INGAR (fra 2009)		-888	7 320			
Saker med særskilt fordeling		2 477	3 085	3 085	2 477	2 477
Veksttilskudd		1 226	3 032	3 032	3 032	3 032
Skjønn - tap endr inntektssystem	7 600	7 600				
Sum ramme utan inntektsutj.	386 603	390 056	387 064	380 940	381 181	381 632
Bykлетrekket						
Netto inntektsutjamning		18 250	28 617	27 553	27 553	27 553
Realauke ramme						
Sum rammetilskot	386 603	408 306	415 681	408 493	408 734	409 185
Skatt på formue og inntekt	374 667	393 122	400 967	402 961	402 961	402 961
Sum skatt og ramme (avrunda)	761 270	801 400	816 600	811 500	811 700	812 100

Lindås kommune sine samla budsjetterte frie inntekter (skatt og rammetilskot) for 2017 samsvarar med dei utrekningar som ligg i Kommunal- og

regionaldepartementet sin dokumentasjon til statsbudsjettet ("grønt hefte"), justert for lokale skatteanslag.

Generelle statstilskot

Kommunen mottar følgjande generelle statstilskot:

Genrelle statstilskot	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Introduksjonstilskot	13 506	20 000	42 020	48 891	52 585	50 762
Kompensasjonstilskot	4 920	5 000	5 000	5 300	5 300	5 300
Andre statlege overføringer	718	722	406			
SUM	19 144	25 722	47 426	54 191	57 885	56 062

Det er under generelle statstilskot budsjettert med auka tal flyktningar, jf. Sak 30/16.

Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune har plassert midlar i bank og mottek utbytte frå selskap. For økonomiplanperioden er det lagt til grunn følgjande inntekter:

RENTEINNETEKTER, UTBYTTE	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Interne overføringer	-3 324	-2 952	-4 992	-7 352	-9 427	-11 242
Renteinntekter bankinnskot	-7 897	-5 293	-6 400	-6 000	-6 000	-6 000
Renteinntekter på utlån	-4 107	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Renteinntekter obligasjoner, aksjer	0	0	0	0	0	0
Utbytte frå selskap	-8 313	-8 778	-7 800	-7 800	-7 800	-7 800
Sum renteinntekter, utbytte	-23 641	-20 523	-22 692	-24 652	-26 727	-28 542

Interne overføringer

Vatn og avløp skal vera sjølvfinansierande. Desse tenestene vert belasta ei kalkulatorisk renteutgift – og det vert tilsvarande budsjettert ei kalkulatorisk renteinntekt sentralt.

Utbytte frå BKK

Utbytte frå selskap (BKK) vil for Lindås kommune utgjere 7,8 mill. kr i 2017.

Rente- og avdragsutgifter

Renteutgifter

RENTEUTGIFTER	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringar og formidlingslån	22 355	19 268	21 268	22 908	30 459	34 055

Rådmannen har i økonomiplanperioden lagt til grunn eit estimat frå Kommunalbanken basert på renteberekingar frå Norges Bank, SSB og marknadsrente. Følgjande gjennomsnittlege rentenivå er lagt til grunn i økonomiplanperioden:

- Budsjettåret 2017 1,5%
- Budsjettåret 2018 1,5 %
- Budsjettåret 2019 1,8 %
- Budsjettåret 2020 1,82 %

I tillegg er det lagt inn ei forventning om at forvaltning av kommunens gjeldsportefølgje vil gje noko betre renteaftaler enn estimatet sett opp over.

Avdragsutgifter

AVDRAGSUTGIFTER	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringar 1)	35 888	38 246	45 761	51 947	57 715	63 530
Interne overføringar	-2 655	-3 083	-7 441	-11 830	-13 363	-14 943
Sum avdragsutgifter	33 233	35 163	38 320	40 117	44 352	48 587

1) Avdraga er deflatert med 3,0 % (2017 prisar)

Som følgje av lånefinansierte investeringar vil avdrag i økonomiplanperioden auka. Generelt er økonomiplanen utarbeidd i 2017-prisar. Avdraga er gjort om til faste 2017-kroner. Når det gjeld renteutgifter og renteinntekter, så er desse ikkje omgjort til 2016-prisar fordi det er lagt inn forventa rentenivå i dei ulike åra, som er høgare enn rente-

nivået i 2017. VA vert belasta sin del av lånegjelda gjennom avskrivningar (inntekt inngår som del av motpost avskrivningar i skjema 1A). Det er forventa auka investeringar innan sektoren – auka refunderte kapitalkostnader/avdrag vert her teke inn gjennom å auka interne overføringar.

LÅNEGJELD	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Lånegjeld 1.1. utan formidlingslån	908 578	872 690	966 944	1 164 988	1 380 104	1 526 119
avdrag investeringar	-35 888	-38 246	-45 761	-53 505	-60 786	-68 282
Låneopptak*	0	132 500	243 805	268 621	206 801	157 261
Lånegjeld 31.12.	872 690	966 944	1 164 988	1 380 104	1 526 119	1 615 098
Lånegjeld 31.12 formidlingslån	235 469	220 828	221 187	220 796	219 655	217 764

*Etter korreksjon rådmannen sitt framlegg 2. tertialrapport

Som ein illustrasjon på korleis lånegjelda veks – er det utarbeidd ein tabell som syner gjeld pr innbyggjar:

LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Innbyggjarar pr. 1.1.*	15 402	15 607	15 919	16 238	16 562	16 894
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	56 661	61 956	73 182	84 995	92 144	95 605

*Tal pr. 1.1.2016, auke med 2 % pr år

Disposisjonsfond

Status for disposisjonsfondet er som følger:

DISPOSISJONSFOND	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1.1.	141 496	150 962	157 729	159 143
Avsett disposisjonsfond	14 566	9 867	4 514	10 203
Bruk av disposisjonsfond (KLP)	-3 100	-3 100	-3 100	-3 100
Overføring fond nærmiljø og friluftsanlegg	-2 000			
31.12	150 962	157 729	159 143	166 246

Rådmannen vurderer det som naudsynt at kommunen bygger opp eit betydeleg disposisjonsfond. Dette for på kortare sikt å sikra kommunen mot svingingar i rentenivå, pensjonsutgifter og eventuelle endringar i reglementet for eigedoms-

skatt. I økonomiplanperioden bør dette liggja på 60-80 mill. kr. Overskot utover dette bør nyttast til å driftsfinansiera investeringar, eller plasserast langsiktig.

DISPOSISJONSFOND - PREMIEAVVIK	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1.1.	10 215	34 740	18 984	42 200
Overført frå disposisjonsfond				
Korrigerings økonomirapporter				
Bruk - amortisering av premieavviket	-10 215	-34 740	-18 984	-42 200
Premieavvik inneverande år	34 740	18 984	42 200	33 812
31.12	34 740	18 984	42 200	33 812

På disposisjonsfond premieavvik er det i 2016 sett av midlar til å dekkje amortiseringa av premieavviket i 2017. I tillegg er det i 2017 sett av midlar til-

svarande premieavviket som vert inntektsført i 2017 slik at det er avsett midlar til å dekkje amortiseringa i 2018.

DISPOSISJONSFOND - INFRASTRUKTUR	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1.1.	1 540	1 540	1 540	1 540
Overført frå disposisjonsfond				
Bruk infrastrukturfond				
31.12	1 540	1 540	1 540	1 540

Det vart i 2015 oppretta eit infrastrukturfond. Dette for å sikre at kommunen kan vere ein aktiv samarbeidspart i infrastrukturbygging.

Retningslinjer for infrastrukturfondet:

- 1) Skal bidra til å utvikle fysisk samfunnsinfrastruktur i Lindås kommune som har høg og kollektiv samfunnsnytte.
- 2) Innsatsområder:
 - Samferdsel (Gang- og sykkelveg, friområder, leikeareal, grønstruktur, bane, hamn/kai, energi, breiband, mobil, telekommunikasjon)
 - Tilrettelegging for næringsutvikling
 - Tilrettelegging for bustadutbygging
- 3) Midlane kan nyttast til direkte investering, utgreiingsarbeid, prosjektering, planlegging

og tilretteleggingsarbeid. Midlane kan også nyttast som eigenandel i andre infrastrukturprosjekt.

- 4) Midlane kan nyttast som finansiering av kommunen sin infrastrukturkostnad i utbyggingsavtalar
- 5) Midlane skal ikkje gå til drift og vedlikehald.
- 6) Midlane skal nyttast til prioriterte prosjekt som ikkje blir finansiert med andre kommunale midlar, til dømes gjennom investeringsbudsjettet.
- 7) Fondet skal administrerast og disponerast av Lindås kommune, med formannskapet som fondstyre.

I 2016 lå rådmannen opp til å bruke 2,5 mill. kr av infrastrukturfondet knytt til prosjekt som er regulert av retningslinjene.

DISPOSISJONSFOND - TRAFIKKSIKRINGSFOND	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1.1.	0	5 200	4 433	3 666	2 899
Tidligere løyvd frå disposisjonsfond	1 250				
Tidligere premeipenger overført frå drift	1 050				
Overført frå investeringsfond	2 200				
Overført frå disposisjonsfond	1 300				
Bruk av trafikksikringsfond	-600	-767	-767	-767	-767
31.12	5 200	4 433	3 666	2 899	2 132

I 2016 vart det oppretta eit eige trafikksikringsfond. Fram til 2016 har det vore sett av midlar på både investeringsfond, premiefond og det ordinære disposisjonsfondet. Det er hensiktsmessig å ha trafikksikringsmidlane samla. I 2016 er det tilsett ein koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging som jobbar med trafikksikring. Stillinga er finansiert gjennom trafikksikringsfondet.

Trafikksikringsfond:

Føremålet med fondet er å finansiere haldningstiltak i Trafikksikringsplanen og forskottering/eigendel i større regionale prosjekt. Større investeringar på kommunale vegar skal som ho-

vudregel vere ein del av det ordinære investeringsbudsjettet.

I fondet ligg det midlar på kr 3,8 mill til forskottering av regionale tiltak, dette er forankra i tidligare vedtak (kommunestyresak frå 15.03.2012). Fondet kan også nyttast til å finansiere tiltak i Trafikksikringsplanen.

Ein eventuell auka avsetnad til fondet må sjåast i samanheng med ny trafikksikringsplan i samband med økonomiplanarbeidet våren 2017.

Fond for nærmiljø og friluftsanlegg:

DISPOSISJONSFOND - NÆRMILJØ OG FRILUFTSANLEGG	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1.1.	0	2 000	2 000	2 000
Overført frå disposisjonsfond	2 000			
Bruk fond nærmiljø og friluftsanlegg				
31.12	2 000	2 000	2 000	2 000

Fondet er oppretta basert på vedteken idrettsplan, og det skal opp ein eige politisk sak med retningslinjer for bruk av fondet i 2017 før fondet kan nyttast.

Økonomiplan for tenesteområda

Skjema 1B, netto driftsutgifter

Rådmannen gjer framlegg om følgjande netto driftsrammer for dei 6 tenesteområda (skjema 1B):

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1 Politisk styring	22 735	21 488	23 696	23 019	23 696	23 019
2 Administrativ styring, støttefunksj.	167 413	57 246	65 978	64 278	63 778	63 278
3 Oppvekst	255 477	380 432	406 787	404 187	406 487	403 587
4 Pleie og omsorg	247 068	260 186	259 272	252 972	246 972	239 472
5 Helse og sosial	74 847	85 551	93 482	99 882	103 482	102 982
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	133 634	153 256	154 712	153 812	152 312	151 312
Sum tenesteområda	901 174	958 159	1 003 927	998 150	996 727	983 650

Når det gjeld kolonne for budsjett 2016, inneheld den generelt i heile dokumentet justert budsjett pr. 30.august og har med endringane etter 2. tertialrapport.

Innsparingstiltaka som vart lagt inn i førre økonomiplanperiode er revidert med omsyn til framdrift og omfang, og rådmannen har lagt til grunn innsparingstiltaka som vart vedtatt i økonomiplanen for 2017 – 2020 i juni 2016.

Innsparingstiltak 2017 - 2020

	Nye tiltak i 2017	Total årseffekt	Nye tiltak i 2018	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2019	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2020	Total akkumulert årseffekt
Ledelsesfunksjonar:								
Sentraladm - stab/støtte			0,5	0,5		0,5		0,5
Helse og omsorg	1,0	1,0	-	1,0	-	1,0		1,0
Grunnbemanning:								
Oppvekst	1,3	3,2	3,2	6,4	3,2	9,6	3,2	12,8
Sjukeheimar (innsparing 17 er effekt av meirinnsparing i 1)	2,7	2,7						
Heimetjenester	0	-	1,5	1,5	0,5	2,0		2,0
Eining for funksjonshemma	1,5	1,5	1,5	3,0	1,5	4,5	1,5	6,0
Uspesifisert innsparing PLO	1,8	1,8	3,0	4,8	4,0	8,8	6,0	14,8
Sentralkjøkken	0,3	0,3	0,3	0,6		0,6		0,6
Helse og sosial	0,5	0,5	0,5	1,0	0,5	1,5	0,5	2,0
Teknisk sektor	1,0	1,0	0,5	1,5	1,5	3,0	1,0	4,0
Prosjekter på tvers av tenesteområder:								
Merkantilprosjekt	1,3	1,3	0,4	1,7	-	1,7		1,7
Administrasjon - hele organisasjonen	0,5	0,5	0,5	1,0	0,5	1,5	0,5	2,0
Barnevern - tiltak	1,0	1,0	1,0	1,0	-	2,0		2,0
	12,9	14,8	12,9	24,0	11,7	36,7	12,7	49,4

På grunn av den låge veksten i frie inntekter for 2017 har rådmannen måtte i verksetje fleire tillegg for å få budsjettet for 2017 i balanse. Det vart i 2016 vedteken å opprette to nye bufellesskap for einslige mindreårige flyktningar, med same bemanning som eksisterande bufellesskap. I rådmannens framlegg er det lagt opp til ein reduksjon i medlevarturnusen med den vurderinga at vi må tilpasse oss endra finansiering av bufellesskapa og at fleire bufellesskap vil gjere det mogleg å nytta nokre av vaktene meir fleksibelt. Det er ikkje konkludert med korleis bemanninga totalt sett på dei tre bufellesskapa skal løysast, men den må tilpassast den nye ramma.

I tillegg er det lagt inn at vi skal halde to langtidsplassar på sjukeheimen ledig, samt at gebyrinntekta på plan og byggesak er justert opp i samsvar med inntektene per 2. tertialrapport 2016.

Strategiske satsingsområder

Dei budsjetterte innsparingsprosjekta skal i tillegg til å sikre ein berekraftig økonomisk utvikling, bidra til å skape det naudsynte handlingsrommet for å skape ønska utvikling i Lindås kommune. Dei prioriterte satsingsområda blir også omtalt under beskrivinga av dei ulike tenesteområda i de påfølgjande sidene, men er i hovudsak:

Tiltak/ prosjektportefølge i økonomiplanperioden	Effekt i 2017	Effekt i 2018	Effekt i 2019	Effekt i 2020
Controller pleie og omsorg	0,6			
Lean - prosjektstilling	0,6			
Arkivprosjekt, 1 årig	0,6	-0,6		
Utskifting datamaskinpark	0,4	0,5		
Eksterne ressurser merkantilprosjekt	0,2	-0,2		
Responscenter - antatt kostnad ekstern sentral	1,0			
Eigedomsforvalter - utredningsarbeid i 2017	X	X		
Beredskapsplanlegger, 30% stilling	0,2			
Branninspektør 50%	X	0,1		
100% stilling saksbehandler NAV	0,6			
Legeheimel 60% + 50% helsesekretær		0,7		
Fysioterapeut 100% i 2017, 85% i 2018	0,4	0,3		
Ergoterapeut 70%		0,4		
KP: Kapasitet til miljøtiltak i skule	0,6	0,6	0,6	-
KP: Ungsomskoordinator	0,3			
KP: Program for reduksjon av mobbing/ krenking	0,1	0,1	0,1	-
KP: Styrke helsesøsterfunksjonen i barnehage og skule	-	0,6		
KP: Auka kapasitet for rettleiing til foreldre bhg og skule - PPT	0,3			
KP: Etablere standard for styrkingsressurs barnehage	0,3	0,3	0,3	0,3
IP: Gratis hall for barn og unge	0,5			
IP: Forstudie Kulturhus med badeanlegg	0,2	-0,2		
IP: Samla plan for utvikling av Knarvik Idrettspark	0,2	-0,2		
IP: Tilbod offentlig bading Alversund/ Ostereidet	0,1			
IP: Fond nærmiljø og friluftsanlegg	2,0	-2,0		
FP: Auka busetting flyktninger og bufellesskap	25,9	5,5	4,1	
Sum	35,0	5,9	5,1	0,3

Beskriving:

- For å ha tettare oppfølging av drifta i pleie og omsorg, blir det tilsett ein controller for sektoren
- Satsinga på Lean blir styrka med ei stilling
- Det er lagt inn ein antatt kostnad på eit responscenter knytt til omsorgsteknologi
- Arbeidet med krise- og beredskapsplanlegging blir styrka med 30%
- Helseeininga får auka ressursar til lege, sekretær, fysioterapi og ergoterapeut.
- I tråd med kommunedelplan oppvekst (KP) blir det lagt inn konkrete tiltak for å styrke tidlig innsats. I tillegg til ei stilling som ungdomscoordinator.
- I tråd med kommunedelplan idrett og friluftsliv blir lagt inn gratis hall for barn og unge, i tillegg til diverse planleggingsarbeid.
- Det blir også oppretta eit fond for å utvikle nærmiljø- og friluftsanlegg.
- Det vert tilsett ekstra ressurs på planavdelinga. Det er eit mål at stillinga blir dekkja av gebyrinntekter, og vil soleis ikkje ha økonomisk påverknad på driftsramma.
- KP = Kommunedelplan oppvekst, IP = kommunedelplan idrett, friluftsliv og nærmiljø FP = Plan for auka busetting av flyktningar i Lindås kommune

Årsverk

I økonomisk statusrapport for 2. tertial er det utarbeida eit totaloversyn over årsverk for 2016 innanfor dei ulike tenesteområda.

Tenesteområde	Budsjett 2016	1. kvartal 2016	2. tertial 2016	Avvik frå budsjett	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	49	47	49	0	5 %
3 Oppvekst	394	411	416	22	39 %
4 Pleie og omsorg	374	368	352	-22	33 %
5 Helse og sosial	94	91	92	-2	9 %
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	164	149	153	-11	14 %
Sum tenesteområda (2-6)	1 074	1 066	1 062	-12	100 %

Under oppvekst er det per 2. tertial i bruk 22 årsverk meir enn budsjett. Dette skuldast i hovudsak Knarvik, Ostereidet og Lindås ungdomskulekrins kor det per 2. tertial er i bruk 23 årsverk meir enn opprinnelig budsjett. Det høge avviket mellom budsjetterte og brukte stillingar skuldast i hovudsak 9,8 årsverk knytt til regjeringa sin satsing på tidleg innsats (øyremerka midler), 2 årsverk knytt til opplæring for ungdommar på asylmottaket Lune Huler (auka tilskot for å dekkje utgifter), 3 årsverk knytt til gjesteelever (som vi får refundert frå andre kommunar), frikjøpte lærarar som går på vidareutdanning og frikjøp knytt til utdanningsforbundet. I tillegg er det meirforbruk på nokre skular som vert kompensert av unytta midlar innan tenesteområdet. Det ligg ikkje an til meirforbruk på tenesteområdet totalt sett per 2. tertial.

Under pleie og omsorg er det per 2. tertial i bruk 22 faste årsverk mindre enn budsjettert. Dette må sjåast opp mot auka bruk av vikar og ekstrahjelp som ikkje er ein del av oversynet. Det vert jobba med å tilsette i faste ledige stillingar.

Under helse og sosial er det per 2. tertial eit mindreforbruk totalt på 2 årsverk. Dette skuldast vakante heimler på legevakt og legeheimler.

Under tenesteområde samfunnsutvikling og kommunalteknikk er det per 2. tertial i bruk 11 stillingar mindre enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak fleire vakante stillingar under hele tenesteområdet, men i hovudsak innan VA (sjølvkost) og eigedom/ reinhald.

For budsjett 2017 er det lagt inn ein reduksjon i 5 årsverk innan skule, om lag 3 årsverk knytt til merkantilprosjektet (effekt på heile organisasjonen), 1,5 årsverk i leing innan pleie og omsorg, reduksjon tilsvarande 2,5 årsverk innan eining for funksjonshemma. Dersom årsverka er knytt til ressurskrevjande brukarar, vil talet årsverk verte høgare for å kompensere for lågare refusjonsinntekt. Vidare er det lagt inn innsparing på 3 årsverk innan pleie og omsorg som per no er definert som uspesifisert.

Politisk styring

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

1 POLITISK STYRING	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Politisk styring	22 735	21 488	23 696	23 019	23 696	23 019
Endring i % frå budsjett 2016			10,3 %			

Endringa i nettoramme frå 2016 til 2017 er spesielt knytt til følgjande:

- Val i 2017 og 2019
- Framlegg til endra møtegodtgjersle i ny politisk styringsstruktur (Auke med 1 mill)
- Tilskot kyrkjeleg fellesråd er prisjustert med lønnsdeflator i statsbudsjettet som er 2,7%. Dette gjev tilskot på 11 mill. kr i 2017, ein auke med 0,3 mill. kr frå 2016. Det er lagt inn 2,5 mill kr til å dekkje renter/ avdrag for kyrkja i 2017. Det er i 2017 ikkje lagt inn at Lindås kommune skal motta momsrefusjon for kyrkjeleg fellesråd sine investeringar.

Godtgjersle til ordføraren og varaordføraren

I følge vedtatt styringstruktur og reglement skal ordføraren sin godtgjersle vera ein faktor av godtgjersla til stortingsrepresentantane = 1,21.

Ordføraren får 100% godtgjersle og varaordføraren for 40 % godtgjersle. Per 02.06.2016 er stortingsrepresentant lønn satt til 906 928 kr. Godtgjersle til ordførar blir med dette 1 097 383 kr og 438 953 kr til varaordførar i 2017, med regulering frå 01.05.2017.

Kontrollutvalet

Det er i budsjettet lagt inn 950 000 kr til kontrollutvalet i 2017, ei vidareføring av ramma som vart sett i 2016.

Administrativ styring, andre støttefunksjonar

Området Administrativ styring og andre støttefunksjonar omfattar rådmannen og hans leiar-gruppe, rådgjevarar på økonomi, innkjøp, IKT og

prosjekt i tillegg til stabsavdelingane som personal, rekneskap og lønn, post og dokumentsenter og ekspedisjon.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

2 ADMINISTRATIV STYRING, STØTTEFUNKSJONAR	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Rådmannen	132 650	19 870	27 140	27 140	27 140	27 140
Stabstenester	33 362	35 163	36 600	34 900	34 400	33 900
Nhl. Kemnerkontor	1 401	2 213	2 238	2 238	2 238	2 238
Sum tenesteområdet	167 413	57 246	65 978	64 278	63 778	63 278
Endring i % frå budsjett 2016			15,3 %			

Det er i budsjettet for 2017 avsett 8,9 mill. kr til lønsauke inkludert sosiale kostnader for organisasjonen. Det er lagt til grunn ein lønsauke som i statsbudsjettet (2,7 %) frå 2016 til 2017.

I 2017 er det lagt inn innsparingsmål på 1,3 mill. kr på merkantilprosjektet. Dette er prosjekt som skal gå på tvers av tenesteområda, men innsparinga er budsjettert under rådmannen inntil vidare.

Oppvekst

Område oppvekst vart etablert frå 1.9.14, og femner om barnehage, grunnskule, vaksenopplæring, jordmor-, helsestasjons- og skulehelsetenesta, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), ungdomskontakten Salto, Læringscenter og barnevern.

Organiseringa skal støtte opp om målsetjingane for sektoren; «Trygge barn i Lindås», «Tidleg innsats» samt medverke til auka tverrfagleg samarbeid.

Kvalitetsplan for oppvekst vart vedteke i Kommunestyret 15.09.16, og skisserer overordna prioriteringar for sektoren. Dette dannar utgangspunkt for veksemdsplanar på einings- og avdelingsnivå.

Målsetjingane i kvalitetsplanen skal vera rettesnora for alle som arbeider med barn og unge i kommunen. Planen byggjer på regjeringa sine mål og prinsipp for barne- og ungdomspolitikken:

- Ein trygg oppvekst i familie og nærmiljø
- Like rettar og moglegheiter
- Deltaking og medverknad
- Gode tilbod og tenester til alle

Handlingsplan 2017-2020 skisserer prioriterte satsingsområde i kvalitetsplanen. I økonomiplanen er følgjande nye tiltak lagt inn:

- Miljøtiltak skule
- Ungdomskoordinator (ligg pt. budsjettert under kultur)
- Betre læringsmiljø – reduksjon mobbing
- Auka ressurs helsesøster barnehage/skule
- Auka ressurs PPT
- Styrkingsressurs barnehage

Nokre utviklingsprosjekt i sektoren:

- Handbok minoritetsspråklege i barnehagen
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) - Utarbeida ein modell for å oppdaga og følgja opp utsette barn og unge med familie
- Tidleg inn – Metode for å fange opp vanske knytt til psykisk helse, rus og vald i nære relasjonar
- Styrking av ordinær opplæring – metode for auka læring og meistring, samt reduksjon spesialundervisning

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

3 OPPVEKST	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Stab oppvekst		119 777	124 942	125 342	125 742	126 042
Lindås vaksenopplæring	7 805	1 823	2 550	2 550	2 550	2 550
PPT	5 417	7 652	8 354	8 354	8 354	8 354
Kommunale barnehagar	22 514	26 633	27 842	27 842	27 842	27 842
Helsestasjonar	6 636	7 436	8 073	8 673	8 673	8 673
Barnevern	33 685	37 911	51 954	50 954	55 454	55 454
Grunnskule	179 420	179 200	183 072	180 472	177 872	174 672
Sum tenesteområdet	255 477	380 432	406 787	404 187	406 487	403 587
Endring i % frå budsjett 2016			6,9 %			

Hovudendringane, i tillegg til lønnsauke, frå budsjett 2016 til 2017 er:

Stab oppvekst med 5,1 mill, som i hovudsak skuldast 1,7 mill. kr i auke i tilskot til private barnehagar, 1 mill. kr i auke knytt til spesped gjesteelever og 1 mill. kr knytt til auke i spes.ped til privatskular.

Under PPT er det ein auke på 0,7 mill. kr knytt til auke i årsverk i samsvar med økonomiplanen.

Ved vaksenopplæringa er det ein auke på 0,7 mill. kr knytt til auka kapasitet Norskopplæring, i sam-

svar med flyktningeplanen. Kommunale barnehager er auka med 1 mill. kr grunna høgare fastløn (same tal stillingar som i 2016), høgare pensjon og arbeidsgivaravgift.

Budsjettet for grunnskule er auka med 3,9 mill grunna at regjeringa si satsing tidleg innsats er lagt inn i rammeoverføringa og ikkje som øyremerka tilskot i 2017. I tillegg er inntekter knytt til gjesteelever justert ned i forhold til ressursbruk.

Den største auken under oppvekst er knytt til oppretting av to nye bufelleskap for einslige mindreårige flyktningar under barnevern. Auken under

barnevern er på 14 mill. kr og er i samsvar med økonomiplan 2017 – 2020. I flyktningepånen er det lagt opp til å opprette to bufelleskap til for einslige mindreårige flyktningar i 2017. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet for 2017. Finansieringsmodellen for bufelleskap for einslige mindreårige flyktningar er foreslått enda, noko som gjev økonomiske utfordringar i forhold til vedteken flyktningepånen. Den endra finansieringsmodellen vil gje Lindås kommune 3 mill. kr lågare tilskot i 2017 og 8 mill lågare tilskot i 2019 med den bemanninga det i utgangspunktet var lagt opp til. Ved å auke opp med to nye bufelleskap ville Lindås kommune fått 5 mill. kr lågare tilskot i 2017 og 13,3 mill lågare tilskot enn det finansieringsmodellen som i dag er gjeldande ville gitt. Rådmannen har tilpassa be-

Barnehagar

Alle barn som fyller 1 år før 1.september i opptaksåret har rett på barnehageplass jf. Lov om barnehage § 12a Rett til plass i barnehage: "Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.

Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt."

Lov om barnehage plasserer ansvaret for barnehagetilbodet på kommunane jfr § 8: "Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jfr. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov."

Det er eit tett og godt samarbeid mellom kommunale og private barnehagar kring opptaket og kring tilpassinga av tilstrekkeleg med barnehage-

manningsnivået til den nye finansieringsmodellen i 2017, men vil likevel ha ein meirkostnad i 2019 på 4,5 mill. kr. Dette er lagt inn i økonomiplanen.

I budsjett for 2017 er det lagt inn innsparing på fem årsverk innan skule. I 2018, 2019 og 2020 er det lagt inn ein ytterligere innsparing på 5 årsverk innan skule. Under barnevern er det lagt inn lågare ramme på omsorgstiltak i samsvar med økonomiplanen.

Rådmannen har lagt inn dei strategiske satsingane i Kvalitetsplanen som er nærmiljøtiltak i skule, Ungdomskoordinator, program for mobbing/krenking og etablering av standard for styrkingsressurs barnehage.

plassar. Det er og eit godt samarbeid med månedlege møte kring område innanfor andre faglege og strategiske område i tråd med signal og satsingar frå regjeringa og Lindås kommune.

Kommunen har, i samsvar med endringar i forskrift om foreldrebetaling i barnehager, §3 Moderasjonsordninger, informert om og handsama søknader om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen: «Foreldrebetalingen skal for første barn i barnehage utgjøre maksimalt seks prosent av husholdningens samlede personinntekt etter skatteloven kapittel 12 og skattepliktig kapitalinntekt, og være begrenset oppad til maksimalgrensen for foreldrebetaling etter § 1.».

«Kommunen skal gi fritak for foreldrebetaling for 20 timer per uke til alle tre-, fire- og femåringer i husholdninger med en samlet personinntekt, etter skatteloven kapittel 12, og skattepliktig kapitalinntekt under en inntektsgrense fastsatt av Stortinget». Endringane er sett i verk frå 1.august 2016, med ei inntektsgrense på 417 000 kr i samla inntekt for husholdninga knytt til for gratis kjernetid i barnehagen.

Lindås kommune har følgjande tre kommunale barnehagar:

Kommunale barnehagar	Antal heitids plassar 15.9.2016			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Haugen	20	20	60	10,0	4,0	6,0
Kolås	20	29	69	12,0	4,0	5,8
Juvikstølen	39	72	150	26,6	10,0	5,6
Sum	79	121	279	48,6	18,0	5,7

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Utan einingsleiar, eksklusiv spesialpedagogiske tiltak og lærling

Private barnehagar

I Lindås kommune er det 13 private barnehagar. Dette er følgjande barnehagar:

Private barnehagar	Antal heitids plassar 15.12.2015			Årsverk 2)		
	0-2 år	3-5 år	Sum 1)	Samla	Pedagogisk personale	Plassar/årsverk
Alversund montesorri	18	37	72	12,3	4,0	5,9
Hundvin naturbarnehage	9	21	40	6,3	3,0	6,4
Kløvheim barnehage	11	16	38	6,5	3,0	5,8
Knarvik barnehage	48	75	170	28,6	14,4	6,0
Leknes barnehage	25	53	103	17,0	8,4	6,1
Natås barnehage	10	27	46	8,8	3,0	5,2
Nordhordland barnehage	7	13	26	5,1	2,1	5,2
Ostereidet barnehage	21	38	80	13,2	5,0	6,0
Seim barnehage	27	54	109	18,6	7,0	5,8
Solhaugen barnehage	27	48	102	16,4	6,8	6,2
Trollskogen barnehage	29	65	123	22,1	7,9	5,6
Smilehullet familiebarnehage	4	5	13	2,6	0,6	5,0
Wilhaven familiebarnehage	6	3	15	2,6	0,3	5,8
Sum	242	453	937	160,1	65,5	5,9

1) Heile plassar. Småborn 0-2 år vekta med 2 (tel for 2 plassar)

2) Tala inkluderer styrar sin administrasjonsressurs, eksklusiv spes ped tiltak

Tala i tabellen byggjer på teljing pr 15.12.2015. Det er også born som bur i Lindås kommune som nyttar plass i andre kommunar, til dømes i Austrheim, Meland og Bergen.

Den kommunalt utrekna satsen pr. plass vert etter dette som følgjer:

Satsar	Vedtatt sats 2016	Budsjett 2017	Endring i %
Små born	177 680	181 902	2 %
Store born	84 384	86 335	2 %

Lindås vaksenopplæring

Lindås vaksenopplæring gjev norskopplæring for vaksne innvandrarar og flyktingar i Lindås, i tillegg til grunnskuleopplæring for vaksne. Lindås

kommune tek også i mot elevar frå andre kommunar.

Læringsssenteret

Læringsssenteret er frå 1.8.15 lagt under Knarvik barneskule og gir særskild tilrettelagd opplæring/ spesialundervisning for born og vaksne som har særleg behov for opplæring for å kunne utvikle og halde ved like grunnleggjande dugleik. Tilsette ved Læringsssenteret har, i samarbeid med helsestasjonen og kommunepsykolog for barn og unge, ansvaret for implementering av Zippy i grunnskulen.

PPT

Pedagogisk psykologiske teneste (PPT) har som oppgåve å utarbeide sakkunnig vurdering etter oppmelding for førskulebarn, grunnskuleelevar og vaksne. PPT skal og arbeide med systemtiltak. Rettleiing til føresette, barnehage og skule er ein del av dette arbeidet. PPT har også ansvaret implementering av programmet De utrolige årene i barnehagar og skular.

Helsestasjon for born og unge

Skule- og helsestasjonstenesta yter helsetenester til born i alderen 0-18 år – til dømes sped- og småbarnkontroll, vaksinasjon, faste kontrollprogram til grunnskule elevar.

Elevar i vidaregåande skule har rett på helsetenester frå kommunen. Helsesøster er tilgjengeleg for elevane på Knarvik vidaregåande skule kvar dag i veka. Skulen har ca. 1000 elevar.

Helsestasjon for ungdom er eit tilbod til ungdom, også til elevar i vidaregåande skular. Tilbodet er eit samarbeid mellom Radøy og Lindås.

Ungdomskontakten Salto

Ungdomskontakten Salto er eit rus- og kriminalitetsførebyggjande lågterskel tilbod for ungdom mellom 13 og 20 år lokalisert til Knarvik senter. Tiltaket er interkommunalt og er finansiert av Nordhordlandskommunane og Knarvik senter. Salto tilbyr kommunane gruppetilbod knytt til bruk av verktøyet Art. Tiltaket er frå haust 2015 lagt under oppvekst.

Barnevern

Føremålet med tenesta er definert i barnevernlova §1-1. Barneverntenesta si oppgåve er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Dette ved å gje råd og rettleiing, treffe vedtak, førebu saker til fylkesnemnd/rett og setje i verk og følgje opp tiltak.

Dette inneber tilsyn med organisering, styring og kvalitet i undersøkingar og val av tiltak.

Barneverntenesta er hendelsesstyrt og har opplevd ei stor auke i arbeidsoppgåver, klientomfang og krav til kompetanse dei siste åra.

Barnevernstenesta er delt opp i hjelpetiltak, omsorgstiltak, familierettleiing, ettervern og bukollektiv for einslege mindreårige flyktingar.

Den kommunale grunnskulen i Lindås kommune

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet).

Satsingsområda for dei kommunale grunnskulane i Lindås er skildra i Strategiplanen for skule 2014-2018, og femner om områda:

1. Vurdering og klasseleiing
2. Styrking av ordinær opplæring og spesialundervisning
3. Arbeid med grunnleggjande ferdigheiter
4. Ungdomstrinnet meir praktisk retta

Frå haust 2013 har ein arbeid med verktøyet Lese-Los for systematisk oppfølging av den einskilde elev si leseutvikling, med positive tilbakemeldingar frå skulane på dette arbeidet. Skuleeigar legg til rette for at arbeidet held fram.

Ungdomstrinn i utvikling- ein meir praktisk, variert og meir relevant undervisning som er eit statleg satsingsområde som ein no er i sluttfasen av. Satsinga har hatt tre sentrale verkemiddel: skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular med ungdomstrinn får tilbod om å delta. Skulane har også innført arbeidslivsfag og valfag på alle trinn.

Skulefritidstilbod

Skulefritidsordninga skal gje elevane på 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn.

Bruk av andre opplæringsarenaer

All undervisning skal vere tilpassa evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten (Opplæringslova § 1-2 Formålet med opplæringa). Tilpassa opplæring kan også gjevast utanfor skulen sitt område i deler av undervisningstida. Opplæring på andre arenaer enn skulen vert ofte omtala som "smågruppetiltak". Lærartettleiken er større enn det ein finn til vanleg

i skulen. Innhaldet er ofte praktisk arbeid kombinert med skulefag.

Kommunen har det p.t. to eksternt organisert smågruppetilbod – Seim gard (alternativ skuledag med fokus på stell av dyr, jordbruk og naturbruk)

og TAM-prosjektet (alternativ skuledag med fokus på fiske og friluftsliv). I tillegg kjem Læringssettret, som i praksis fungerer som ein «alternativ skuledag» for elevar som har dette tilbodet.

Oversyn over dei kommunale skulane i Lindås kommune:

Barneskulane:

Barneskular	Elevar GSI : A 15	Årsverk 1) GSI: C7	Årsverk 2) GSI: C24	Elevar pr. årsverk (GSI: A15/C7)
Alversund	352	32,65	34,96	10,8
Knarvik	228	19,85	22,38	11,5
Lindås	206	18,68	20,87	11,0
Ostereidet	124	11,01	12,23	11,3
Leiknes	163	13,11	14,92	12,4
Eikanger	78	7,16	8,34	10,9
Kløvheim	37	4,47	4,95	8,3
Myking	54	7,15	7,64	7,6
Seim	153	11,14	12,46	13,7
Sum	1395	125,22	138,75	11,1

Det er i snitt 11,1 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale barneskulane dette skuleåret. Tilsvarende tal for 2014/15 var 11,7.

Ungdomsskulane:

Ungdomsskular	Elevar	Årsverk 1)	Årsverk 2)	Elevar pr. årsverk
Knarvik	328	27,11	30,59	12,1
Lindås	128	13,3	15,51	9,6
Ostereidet	100	11,73	13,95	8,5
Sum	556	52,14	60,05	10,7

Det er i snitt 10,7 elevar pr. årsverk lærar i dei kommunale ungdomsskulane dette skuleåret. Tilsvarende tal for 2014/15 var 9,9.

1) Tal årsverk til undervisning (ord + spesped+min.spr+ ?). GSI-ramme C7.			
2) Tal årsverk utført av undervisningspersonale totalt (inkl andre oppg til anna enn underv). GSI-ramme C24.			

Pleie og omsorg

Tenesteområdet omfattar forvaltningskontor, sjukeheimstenester, heimetenester, bufelleskap, dagtilbod, avlastning og støttekontaktar.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

4 PLEIE OG OMSORG	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Stab pleie og omsorg		5 591	2 874	-126	-4 126	-10 126
Forvaltningskontoret	15 795	7 933	8 165	8 165	8 165	8 165
Sjukeheimstenester	81 152	78 107	75 889	75 589	75 589	75 589
Heimetenester	83 719	96 055	100 282	98 782	98 282	98 282
Tenester for funksjonshemma	66 402	72 500	72 062	70 562	69 062	67 562
Sum tenesteområdet	247 068	260 186	259 272	252 972	246 972	239 472
Endring i % frå budsjett 2016			-0,4 %			

Tenesteområde pleie og omsorg er til tross for lønns og prisauke 0,6 mill. kr lågare i 2017 enn i 2016. Dette skuldast i hovudsak heilårseffekten av reduksjon av sjukeheimplassar som vart gjennomført i 2016 i tillegg til å halde ledig ytterlegare 2 sjukeheimplassar i 2017. Budsjettert innsparing innan eining for funksjonshemma i samsvar med økonomiplanen, samt budsjettert uspesifisert innsparing innan leing og grunnbemanning for pleie og omsorgssektoren.

Den prioriterte auken på tenesteområdet er styrking og koordinering av omsorgsteknologi, kjøp av teknologisk utstyr og oppretting av alarmsentral.

Lindås kommune sitt hovudmål innan helse og omsorg er å styrke innbyggjarane si evne til å mestre eige liv. Omsorgsteknologi, kvardagsrehabilitering og lokal alarmsentral er viktige verkmiddel for å lykkast med å nå hovudmålet. Frå 2017 vert omsorgsteknologi og kvardagsrehabilitering implementert i ordinær drift, medan alarmsentral vert eit prosjekt.

Forvaltningskontor

Forvaltningskontoret fattar vedtak etter Lov om helse og omsorgstenester. Dei fleste tenestene vert utførte og budsjettert i andre einingar.

I tillegg til løn til dei tilsette ved kontoret, omfattar utgiftene også utgifter til omsorgsløn.

Sjukeheimar

Eininga omfattar følgjande tenester: Korttidsplassar, avlastning, langtidsplassar, senior- og aktivitetstilbod. Sentralkjøkkenet er frå 2016 ei avdeling i eining for sjukeheimstenester.

Det er etter rådmannen sitt framlegg 96 heildøgns plassar ved Knarvik sjukeheim og Lindås bu- og servicesenter. Ledig kapasitet over tid viser moglegheit for å halde ledig 2 plassar ved Knarvik sjukeheim i 2017. Skulle behovet endra seg kan desse plassane opnast igjen raskt.

Eininga skal gje ei god kvalitetssikra teneste gjennom involvering tilpassa den einkilde brukar sine behov.

Sentralkjøkkenet leverer mat til kommunale sjukeheimar, heimebuande sjuke og uføre, seniorsentra kantiner, dagsenter, sengepost ved Nordhordland legevakt og mat til møter og kurs.

Heimetenesta

Eining for heimetenesta gjev tilbod til heimebuande personar. Hjelpetilbodet er individuelt tilpassa, og kan variere frå ein time i veka til 24 timar i døgeret.

Heimetenesta omfattar følgjande tenester: mat-ombringning, heimehjelp, tryggleiksalarm/ omsorgsteknologi, kvardagsrehabilitering, heimesjukepleie, hjelp til medisiner, avanserte 24-timarstilbod i brukarane sine heimar og dagtilbod.

Heimetenesta er organisert i 6 avdelingar som har ansvar for kvar sine geografiske område, dagtilbodet og 37 omsorgsbustader +/- bustader med heildøgns bemanning.

Tenester for funksjonshemma

Eining for funksjonshemma gir tenester til personar med nedsett funksjonsevne.

Eininga organiserer støttekontakttenester til alle aktuelle brukargrupper og har aktivitetsbasert avlastning.

Det er 6 omsorgsbustader +/bufelleskap (45 bustader), avlastingsbustad, dagtilbod og privat avlastning. Frå 2017 er eininga organisert i 4 avdelingar. Tenestene vert individuelt utforma ut frå behov for hjelp, rettleiing, omsorg og helsehjelp.

Eininga har som mål at brukarane skal oppleve god livskvalitet og høg grad av brukarmedverknad. For avlastingstilboda er målet at brukaren skal ha gode opplevingar og kjenne seg trygg, og at foreldre/føresette skal oppleve reell avlastning frå tyngjande omsorgsoppgåver.

Helse og sosial

Tenesteområdet består av eining for helsetenester, legevakt og eining for sosiale tenester.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

5 HELSE OG SOSIAL	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Helsetenester	36 856	39 465	42 839	44 239	44 239	44 239
Nordhordland legevakt	6 696	10 999	11 396	11 146	10 896	10 646
Sosiale tenester	31 295	35 087	39 247	44 497	48 347	48 097
Sum tenesteområdet	74 847	85 551	93 482	99 882	103 482	102 982
Endring i % frå budsjett 2016			8,5 %			

Budsjettet for tenesteområde helse og sosial er 7,6 mill. kr høgare i 2017 enn i 2016. Auken på 2,6 mill. kr innan helsetenester skuldast forutan generell lønns og prisstigning i hovudsak auka løn og pensjon til legane på 1 mill. kr. Auken vedrørande legane skuldast ikkje auke i tal stillingar. Vidare er det auka driftstilskot til legar/ fysioterapeuter på 0,6 mill. kr, avdelingsleiar fysioterapi er auka med 30% (0,2 mill. kr) og ein auke med 20% ressurs på

hjelpemiddelsentralen (0,17 mill. kr). Ramma for sosiale tenester er auka med 4,1 mill. kr i samsvar med flyktningepleanen, samt ein auke i tal saks-handamarar under NAV i samsvar med økonomiplanen. Nordhordland legevakt er auka med 0,4 mill. kr grunna pensjon på utbetaling til legane.

Det er lagt inn ein uspesifisert innsparing på totalt 0,5 mill. kr under tenesteområdet for 2017 i samsvar med rammene i økonomiplanen 2017 – 2020.

Eining for Helseteneste

Eininga omfattar helsestasjons- og skulehelseteneste, jordmorteneste, kommunepsykologteneste, fysio- og ergoterapiteneste, hjelpemiddellager, legeteneste og psykisk helse og rus. Det kan vera hensiktsmessig å skilja mellom førebyggjande og behandlande tenester.

Førebyggjande tenester

Skule- og helsestasjonstenesta er ein del av eining for helsetenester og ligg under tenesteområde Oppvekst der det vert nærare omtala .

Behandlande og rehabiliterande tenester

Fysioterapi- og ergoterapiteneste er behandling, kvardagsrehabilitering og opptreningstenester, samt tilrettelegging av bustader til alle aldersgrupper. Fysioterapitenesta vert dels ytt med egne tilsette, dels av private med eller utan drifts-avtale.

Psykisk helse og rus

Avdelinga gjev tenester til menneske som har psykiske vanskar og/eller rusproblem. Tenester etter vedtak og lågterskel tilbod utan vedtak, til dømes dagsentertilbod.

Utøvande tenester som avdelinga gjev:

- Støttesamtalar – kontor/heimebesøk
- Bustadoppfølging og butrening
- Medisinoppfølging
- Dagsenteret Ankeret i Knarvik, ein møteplass for dei som ikkje er i stand til å vera i eit arbeidsopptreningsopplegg, men som ønskjer å vera i eit sosialt fellesskap
- Ner Kolås, eit arbeids- og aktivitetssenter med fokus på arbeidstrening og aktivitet i eit trygt sosialt fellesskap
- Gruppeaktivitet for ungdom
- Lågterskel psykologtilbod til vaksne
- Rådgeving internt til personalet og eksternt til samarbeidande tenesteytarar
- Omsorgsbustad + /omsorgsbustader med heildøgns bemanning:
 - Knarvik-Røsvikdalen (6 bustader)
 - Lindås-Krossleitet (6 bustader)
- Fritidskalenderen er eit lågterskel tilbod på ettermiddag og helg
- Stig inn – aktiv kvardag er eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod i det kommunale rusarbeidet.

Nordhordland legevakt:

Interkommunal legevakt er eit akutt legetilbod for alle innbyggjarane i Nordhordland som utgjer legevaktsentral, legevakt og øyeblikkeleg hjelp døgnsenger (ØHD-senger). Interkommunal legevakt er eit samarbeid mellom alle Nordhordlandskommunane (inkludert Gulen og Osterøy).

Frå 01.01.2016 vart det ein plikt for kommunane å tilby døgnopphald for personar med akutt behov for hjelp.

NAV

Eining for sosiale tenester omfattar økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, kvalifiseringsordninga, rusvern, midlertidig bustad, gjeldsrådgjeving og busetting av flyktingar.

Målet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette skal ein oppnå gjennom å yte tenester som er enklare for brukarane og som er tilpassa deira behov. NAV Lindås legg vekt på å ha ei heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvaltning.

Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Sektoren samfunnsutvikling og kommunalteknikk femner om fagområda brann, eigedom, teknisk drift, kultur, plan, byggesak, geodata, landbruk, informasjon og næring. Fellesnemnaren for desse fagområda er samfunnsutvikling, samfunnsplanlegging, teknisk forvaltning og drift. Fagområda bidrar til planlegge, forvalte, legge til rette for og gjennomføre ei ønskt samfunnsutvikling.

I 2015/2016 blei det gjennomført eit større organisasjonsutviklingsprosjektet i sektoren. Målet med prosjektet var å sjå på korleis kommunen og sektoren jobbar for å sikre:

- Heilskapleg samfunnsutvikling
- Brukarorientert forvaltning
- Effektiv drift.

Konklusjonane frå prosjektet er at kommunen har høg kompetanse på alle fagområder innanfor sektoren, men at fagområda må jobbe meir koordinert og tverrfaglig. For å sikre betre koordinering mellom fagområda er det etablert fleire nye interne arenaer, mellom anna rådmannen sitt strategikutval og ein felles tverrfaglig forvaltningsarena. I

tillegg blir det jobba med å bygge opp utviklingskompetanse som kan sikre gjennomføring av store strategiske utviklingsprosjekt, til dømes i Knarvik og på Mongstad. I organisasjonsutviklingsprosjektet er det også gjennomført organisatoriske endringar. Avdelingane byggesak, landbruk og geodata er slått saman til ei felles eining som blir kalla arealforvaltning.

Sektoren skal jobbe med fleire strategiske satsingar i åra framover. Mellom anna skal ein vidareutvikle og styrke plankompetansen i organisasjonen. Det blir også ei auka satsing på beredskap og beredskapsplanlegging. I samband med store utbyggingar, mellom anna på Mongstad og I Knarvik, vil kommunen ta på seg ei meir aktiv rolle. Hausten 2016 blei prinsippa for utbyggingsavtalar endra, slik at kommunen sjølv kan gå inn som byggherre i ulike prosjekt. Dette vil få organisatoriske konsekvensar og ein må bygge opp intern kompetanse for å sikre god gjennomføring. Det vil også bli ei vidare satsing på verdibevarande vedlikehald på kommunale vegar og kommunale bygg.

Budsjett og økonomiplanperiode

Rådmannen gjer framlegg om følgjande nettoutgift for tenesteområdet:

6 SAMFUNNSUTVIKLING OG KOMMUNALTEKNIKK	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Stab samfunnsutvikling og kommunalteknikk		2 261	2 026	1 526	26	-974
Planavdeling	4 583	4 603	5 815	5 815	5 815	5 815
Arealforvaltning	7 927	4 894	6 828	6 828	6 828	6 828
Næring	710	1 183	971	971	971	971
Teknisk drift	17 560	21 814	22 104	22 104	22 104	22 104
Eigedom	74 001	87 939	84 350	83 950	83 950	83 950
Brann	13 777	14 645	15 164	15 164	15 164	15 164
Kultur og aktiviteter	15 078	15 917	17 454	17 454	17 454	17 454
Sum tenesteområdet	133 634	153 256	154 712	153 812	152 312	151 312
Endring i % frå budsjett 2016			1,0 %			

Tenesteområdet samfunnsutvikling og kommunalteknikk er auka med 1,5 mill. kr frå 2016 til 2017. I tillegg til lønns- og prisauke og budsjettert innsparing i samsvar med rammene i økonomiplanen 2017 – 2020, skuldast dette:

Planavdeling: Per 2. tertialrapport vart budsjettet til plan og utvikling redusert med 1,85 mill kr grunna ikkje brukte stillingar og planmidlar. Dette er årsaka til at budsjettet på plan auker med 1,2 mill. frå 2016 til 2017. Før endringane per 2. tertialrapport er den reelle nedgangen på 0,6 mill kr frå 2016 til 2017.

Under arealforvaltning er det lagt inn 1 mill mindre i gebyr enn i 2. tertialrapport og auka utgift til veterinær 0,2 mill kr.

Under teknisk drift skuldast auken vedlikehold og indeksjustering.

Eigedom har ein nedgang på 3,6 mill. kr frå 2016 – 2017. Dette skuldast i hovudsak auka husleigeinntekter.

Under brann skuldast auken beredskapsplanlegger i samsvar med økonomiplanen.

Under kultur skuldast auken ungdomskoordinator i samsvar med økonomiplanen, og at tilskot frivillighetssentral er lagt inn i rammeoverføringa for 2017. Dette utgjør 0,3 mill. kr. Per 2. tertial rapport vart ramma for 2016 redusert med 0,5 mill. kr grunna vakante stillinger. Desse stillingane er lagt inn igjen i 2017.

Næring

Frå 01.01.16 fekk Lindås næringsjef i 100% stilling. Tidligere har Lindås hatt eit felles samarbeid med Austrheim kommune, med Mongstad som hovudfokus. Næringsjef si rolle er å ha tett dialog med næringslivet og vere aktivt med i ulike utviklingsprosessar i heile kommunen. Næringsjef er også sakshandsamar for Lindås kommune sitt næringsfond. Det å legge til rette for aktiv næringsutvikling er viktig og dei overordna prioriteringane dei neste åra bli tydeliggjort gjennom arbeid med kommuneplanen.

Kultur og aktivitetar

Kultureininga organiserer kulturskolen, bibliotek, frivillighetssentral og fritidsklubbar. Kultur jobbar målretta etter gjeldande kulturplan og innafor eit bredt fagfelt, sentrale satsingsområder er:

- Frivillig sektor
- Fritidstilbod til barn og unge
- Kunst og kulturformidling
- Idrett og friluftsliv
- Kulturvern og museum
- Kultur og næring

Plan og arealforvaltning

Planavdelinga er ei eige stabsavdeling som i hovudsak jobbar med offentlege og private arealplanar. Avdelingane byggesak, landbruk og geodata blei slått saman til ei eining i 2016, for å sikre betre koordinering i arealforvaltninga. Eininga blir kalla arealforvaltning.

Fagområda utfører mellom anna:

- Forvaltningsoppgåver for plan- og byggesak etter plan- og bygningslova, ureiningslova og lov om eigarseksjonar.
- Utarbeiding av overordna kommuneplanar og offentlege reguleringsplanar knytt til sentrumsområde, trafikktryggleik, infrastruktur og andre prioriterte føremål.
- Forvaltningsoppgåver for kart- og oppmålingsarbeid etter delingslova, adresse-/stadnamnarbeid, etablering av geodetisk

grunnlag, drift av geografiske informasjonssystem (GIS) og drift av matrikkel.

Teknisk drift

Eining for Teknisk drift består av kommunale vegar, vatn og avløp, renovasjon og slam.

Lindås kommune leverer vatn til private hushald og bedrifter, samt Austrheim kommune. Eininga handterer også mottak og handsaming av avløpsvatn frå hushald og bedrifter, og privat slamrenovasjon gjennom tømning av private septiktankar. For renovasjon ligg fagansvar i Lindås kommune for interkommunal renovasjonsordning (NGIR)

Eininga står også for drift, vedlikehald og forvaltning av kommunale vegar, i tillegg til drift og vedlikehald av veglys på kommunale og private vegar.

Brann- og redningsteneste:

Brann og redning er organisert som ei eiga eining og består av fagområda:

Brannførebygging: Tilsyn med branntryggleik i større bygg, samt generelt informasjons- og motivasjonsarbeid. Interkommunalt organisert teneste for 9 kommunar med Lindås kommune som vertskommune.

Feiing: Feiing og førebyggjande tilsyn i private heimar. Samarbeid med Meland kommune.

Brann- og redningsteneste: Akuttberedskap og utrykking ved brann, ulukker og oljeutslepp. Samarbeid med Meland kommune.

Eigedom

Drift og vedlikehald av bygg

Eigedomseininga forvaltar, driftar og har vedlikehald på kommunalt eigde og til dels leigde eigedomar. Dette inkluderer mellom anna oppfølging av offentlege pålegg innanfor til dømes brannførebygging, helse, miljø og tryggleik. Det gjeld også drift og vedlikehald av kommunen sine uteområde, leikeplassar og idrettsanlegg.

I 2015 blei det utarbeida ein vedlikehaldsplan og behovsanalyse for dei kommunale bygga. Denne skal danne grunnlaget for ein vedlikehaldsstrategi som skal sikre 70% planlagt vedlikehald. Målsetnaden er gjennom ein god plan å koma tidlegare inn med gjennomføringa av vedlikehald, slik at dei akutte og kostnadskrevjande vedlikehaldstiltaka på sikt kan fasast ut. Vedlikehaldsstrategien legg

opp til ein syklus som sikrar at alle bygg blir prioritert kvart 4. år.

Basert på tilstandsanalysen på dei kommunale bygga blir det forslått å lage ein opptappingsplan for vedlikehaldsarbeidet, og rådmannen har lagt inn 3 mill. kr i 2016, en auke med ytterligere 1 mill. kr i 2017 og ytterligere 2 mill. kr i 2018.

Prosjektering og utbygging

Eininga har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av alle nye investerings- og byggeprosjekt, og er bindeledd mellom kommunen og entreprenørar i prosjektgjennomføringa.

For å sikra ei god planlegging og oppfylging av investeringsprosjekta, inkludert skjerpa krav til helse, miljø og tryggleik, er det viktig å ha nok kompetanse og kapasitet på prosjektavdelinga. Innkjøp av tenester er også blitt stadig meir krevjande i høve til eit komplisert innkjøpsreglement. Tilsetning av innkjøpssjef vil vere eit viktig tiltak for å kvalitetssikre og gjennomføre gode innkjøpsprosessar. Eininga har også fått på plass system som skal sikre prosjektstyring og oppfølging av prosjekta. Dette vil bli vidareutvikla i åra som kjem.

Investeringsbudsjett


Investeringsbudsjettet omfattar investeringar i anleggsmidlar, utlån og eventuelle forskoteringar. Budsjettet skal syna korleis desse investeringane er planlagd finansiert.

Innleiing

Lindås kommune har dei seinare åra gjennomført store investeringar, noko som har ført med seg ein stor auke i lånegjelda. Dersom ein trekk vekk den samla gjelda for lån til vidare utlån (husbank-ordningane) av det totale lånebeløpet, får vi den

utviklinga som er vist under. Tala er basert på vedtekne investeringar for tidlegare år, og for åra 2017-2020 er rådmannens forslag i økonomiplanen lagt til grunn.

Grafen synar generelle investeringar i rådmannens framlegg til investeringsbudsjett i 2009 – 2020:



Frå 2009 til 2020 har lånegjelda auka frå 340 mill. kr til 878 mill. kr. Det er slik rådmannen vurderer det heilt naudsynt å få ei kraftig utflating av denne gjeldsveksten. Det har tidlegare vore ein strategi for Lindås kommune å bruke meir av dei ekstraordinære inntektene til å finansiere investeringane, og vår 2017 kjem det opp ein politisk sak som skal seie noko om dei avsette ekstraordinære inntektene skal nyttast til å finansiere investeringar eller om midlane skal plasserast langsiktig. Ein eventuell langsiktig plassering vil vere for å søke å oppnå høgare avkastning enn rente- og avdragsbelastninga hadde vore om investeringane var driftsfinansiert.

Dagens rentenivå er vesentlig lågare enn tidligare år, og det er svært viktig å vurdere dagens låneopptak opp mot kva renteutgiftene vil bli med en høgare rente. Dette for å sikre at Lindås kommune vil vere i stand til å innfri sine gjeldsforpliktingar i dei seinare år utan at det går dramatisk ut over tenestetilbodet til innbyggjarane. Med den generelle lånegjelda per 2020 på 878 mill. kr. Vil rentebelastninga vere 19 mill. kr høgare med 4% rente samanlikna med den budsjetterte renta. Dette tilsvarer ein reduksjon på om lag 25 årsverk i tillegg til det som ligg inne av innsparingar i økonomiplanperioden.

Følgjande tabell kan illustrera effekten av renter og avdrag i driftsrekneskapen (rentenivå 4 %, avdragsperiode 30 år):

Med 2,5% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	291 667	583 333	1 458 333	2 916 667	5 833 333

Med 4% rente

Utgifter pr. år	Lånebeløp				
Lån	5 000 000	10 000 000	25 000 000	50 000 000	100 000 000
Renter og avdrag	366 667	733 333	1 833 333	3 666 667	7 333 333

Oversyn

Når det gjeld kollonna for budsjett 2017, inneheld denne rådmannens forslag til endringar i samband med 2. tertialrapport 2016.

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017-2020
1	Investering administrasjonsbygg	Løpande	4 500	2 000	2 000	2 000	10 500
	Sum administrasjonsbygg (delsum)		4 500	2 000	2 000	2 000	10 500
2	Leiknes skule Storstove		38 575	10 000			10 000
3	Ny Alversund barneskule inkl hall		249 000	30 000	97 250	97 250	249 000
4	Tomt ny Alversund barneskule						
5	Knarvik barneskule inkl hall		222 000	61 325	92 525	59 900	213 750
6	Ny skule Eikanger/ Kløvheim		115 000	1 000		20 000	45 000
7	Kjøp av tomt ny skule Eikanger/ Kløvheim						
8	Leikeplassutstyr	Løpande	250	250	250	250	1 000
9	Påbygg Leiknes skule		20 500	20 000			20 000
10	Investering skulebygg	Løpande	2 500	5 000	5 000	5 000	17 500
	Sum skulebygg (delsum) helse og sosial		125 075	195 025	182 400	74 750	577 250
11	Nordhordlandshallen, nytt dekke		5 000	5 000			5 000
12	Utstyr idrettshaller	Løpande	200	200	200	200	800
13	Investering Kultur og idrett	Løpande	550	200	200	200	1 150
14	Idrett anlegg og anleggsutstyr		2 600	2 000			2 000
NY	Hall Ostereidet		40 000			20 000	20 000
15	Utvikling veg og parkering Kvamsvågen		1 600				1 600
	Sum kultur og idrett (delsum)		9 350	400	20 400	20 400	50 550
16	Ny Kolås barnehage	Ikke avklart				30 000	30 000
17	Investering barnehagebygg	Løpande	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
	Sum barnehagebygg (delsum) sosial		1 000	1 000	1 000	31 000	34 000
18	Nye bustader rus og psykiatri		13 700	7 000	3 700		10 700
19	Investering bustader	Løpande	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
	Sum bustader helse og sosial (delsum)		9 000	5 700	2 000	2 000	18 700
20	Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	3 000	1 000	1 000	1 000	6 000
21	Takheiser sjukeheim		210				210
22	Ombygging sentralkjøkken		500				500
23	Bufellesskap		16 000	5 000	11 000		16 000
	Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)		8 710	12 000	1 000	1 000	22 710
24	Kyrkjeleg fellesråd		500	500	500	500	2 000
	Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)		500	500	500	500	2 000
25	Sum vann		103 000	67 000	17 000	18 000	205 000
26	Sum avløp		19 000	43 500	43 300	42 200	148 000
27	Sum veg		17 000	17 000	15 300	15 300	64 600
28	Sum Brann		1 500	600	400	4 000	6 500
29	Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
30	Offentlige pålegg	Løpande	5 000	5 000	5 000	5 000	20 000
31	Utvikling Knarvik		25 000	13 900	5 000	5 000	23 900
32	Infrastruktur		6 500				6 500
33	Digitalt byggesaksarkiv		2 500				2 500
34	Digitalt kartverk		250	250	250	250	1 000
35	Kjøp bustader Hordasmibakken		32 000				32 000
36	Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
37	IKT-anlegg		3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
38	Egenkapitalinnskot KLP		3 100	3 100	3 100	3 100	12 400
	Sum andre tiltak på tvers av tenesteområda		69 750	19 850	19 850	14 850	111 900
	Brutto investeringar		368 385	364 575	305 150	226 000	1 264 110

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017-2020
Investeringar finansiert av kommunale inntekter	246 385	254 075	244 850	165 800	911 110
Investeringar finansiert av gebyr vatn og avløp	122 000	110 500	60 300	60 200	353 000
	368 385	364 575	305 150	226 000	1 264 110

Finansiering

I tillegg til dei brutto investeringane skal også opptak av nye Husbanklån, og avdrag på slike, finansierast:

FINANSIERINGSBEHOV	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017- 2020
Brutto investeringar	368 385	364 575	305 150	226 000	1 264 110
Avdrag på formidlingslån	16 600	18 000	18 000	18 000	70 600
Formidling av Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Sum finansieringsbehov	399 985	397 575	338 150	259 000	1 394 710

Sum finansieringsbehov blir finansiert slik:

FINANSIERING	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Sum 2017- 2019
Lån					
Husbanklån	15 000	15 000	15 000	15 000	60 000
Generelle investeringar	115 225	163 301	161 801	97 061	537 388
Avløpsrensaneanlegg	19 000	43 500	43 300	42 200	148 000
Vassverk	103 000	67 000	17 000	18 000	205 000
Sum låneopptak	252 225	288 801	237 101	172 261	950 388
Mottekne avdrag på formidlingslån	16 600	18 000	18 000	18 000	70 600
SUM EKSTERN FINANSIERING	268 825	306 801	255 101	190 261	1 020 988
Anna finansiering					
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)	42 477	50 415	48 570	32 760	174 222
Driftsfinansiering eiedomsskatt	31 379	31 379	31 379	31 379	125 516
Statlig investeringstilskot, bufelleskap		5 880			5 880
Sal bustader Hordasmibakken	32 000				32 000
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)	3 100	3 100	3 100	3 100	12 400
Sponsormidler/ tilskot frå bygda Hall Alversund	8 000				8 000
Tilbakebetaling av forskottering Statens vegvesen	10 000				10 000
Sal av brannbil				1 500	1 500
Fondsmidler sal av bustader	4 204				4 204
SUM INTERN FINANSIERING	131 160	90 774	83 049	68 739	373 722
SUM FINANSIERING	399 985	397 575	338 150	259 000	1 394 710

Kommentarar til prosjekta

1) Investering administrasjonsbygg:

Budsjettet er tenkt brukt til å gjere utbetringar og tilpassingar av inngangspartiet på rådhuset, for å gjere det til eit meir tenleg service- og publikumsområde og for å betre tryggleiken til dei tilsette. Det skal og gå til diverse ombyggingar på rådhuset for å få fleire kontorarbeidsplassar og på andre administrasjonsbygg. Mellom anna det tidlegare Geco bygget.

2) Storstove på Leiknes skule:

Arbeidet skal stå ferdig i mars/april 2017. Det er lagt inn at kommunen vil få dekkja 4 mill. kr i tippemidlar og 1,5 mill. kr frå bygdelaget. Tippemidlane vil først kunne inntektsførast når dei vert utbetalt, og vil derfor ikkje vere ein del av finansieringa av investeringar før om fleire år.

3) Alversund barneskule, inkl hall:

Det er budsjettert med ein ny skule på ny tomt aust for eksisterande skule. Målet er å få skule og hall ferdig i 2020. Prosjektet startar på byggeprogram og arbeidet med regulering og kjøp av tomt. Budsjettet er basert på ei skule for 450 elevar og ei hall med handballstorleik. Byggeprogram vil avdekke behova nærare.

4) Ny tomt Alversund barneskule:

Aust for dagens skule er det i dag sett av eit område for skule, men denne tomte er for liten. Området for skule, uteområde, tilkomstveg og parkering må regulerast. Det blir forhandlingar om kjøp av tomt. Av omsyn til forhandlingane er ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet. Det er berekna renter og avdrag av forventna kjøpesum.

5) Knarvik barneskule, inkl hall:

Prosjektet avsluttar samspelsfasen i februar 2017. Då skal entreprenøren ha ei detaljplanlegging før oppstart byggearbeidar sumaren 2017. Det skal bli ein framtidretta, likeverdig skule for alle, kor rammene for god læring er lagt. Det blir bygd ein skule for 450 elevar saman med ein fleirbrukshall med handballstorleik og ¼ ekstra lengde med klatrevegg og areal for kampsport. Ny Knarvik barneskule er planlagt ferdig til skuleåret 2019.

6) Ny skule Eikanger/ Kløvheim:

I samband med planprosess knytt til Kommunedelplan for skule 2014-2018, vart det 21.05.2015 fatta vedtak om at Lindås kommune skal starte opp prosjekt med mål om å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skular. Det er lagt inn midler i 2017 til reguleringsarbeid i samband med ny tomt og planlegging. Oppstart bygging i 2019. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

7) Kjøp av tomt ny skule Eikanger/ Kløvheim:

Ein ny skule vil kunne kreve ein ny tomt. Kommunen eig kun tomter der dei eksisterande skulane ligg i dag. Av omsyn til forhandlingane er ikkje sum satt inn i investeringsbudsjettet. Det er berekna renter og avdrag av estimert kjøpesum

8) Leikeplassutstyr:

Det er sett av ei ramme kvart år til nye leikeapparat. Dette gjeld både for skuler og for barnehager

9) Påbygg Leiknes skule:

Prognosane på Leiknes skule krev ei utviding av skulen og rådmannen legg inn ein utviding frå 190 elevar til 300 elevar. Dette krev 4 ekstra klasse-rom, grupperom, garderobar og lærararbeidsplassar.

10) Investering skulebygg:

Skular som ikkje er prioriterte med nybygg /større rehabilitering, treng også oppgradering. (jfr. kommunedelplan). Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m. I 2017 er det ein mindre utbygging på Seim skule som skal gjerast.

11) Nordhordlandshallen – nytt dekke:

Graset i fotballhallen har slitaskadar og spurtandekket rundt er slitt og øydelagt. Det same er hoppegropa. Det er behov for å gjere ei oppgradering i perioden.

12) Utstyr idrettshaller:

Det er behov for å bytte ut utstyr i hallane med jevne mellomrom. Det er mykje bruk og høy slitasje.

13) Investering kultur og idrett:

Å jobbe med eit verna kulturminne som Håkonshaugen har utfordringar og prosjektet har derfor dratt ut i tid. Prosjektet har tidlegare vore i dialog med fylkeskommunen. Hordaland Fylkeskommune viste til at minnesmerket slik det framstår i dag, har stort forbedringspotensiale. Murar og opparbeiding frå tidleg 1960-tal framstår slitt og lite knytt til landskapet ikring. Hordaland Fylkeskommune ynskjer at vi ser på ei løysing der vi på sikt fjernar unødvendige konstruksjonar rundt Håkonshaugen. På denne måten blir haugen meir i samanheng med landskapet, Seimsfjorden og bygda. På sikt vil dette gje kommunen eit enklare anlegg å vedlikehalde og drifte. Prosjektet har kostnadsrekna tiltaket til 750.000kr, og har søkt om 300.000kr i BARK midlar. (Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminner).

14) Idrett, anlegg og anleggsutstyr:

Knarvik stadion fekk i 2015 nytt dekke, men kommunen har ikkje utstyr for å koste og halde banen fri for gras og anna. Det same gjeld det nye idrettsanlegget på Lindås. Det er behov for å kjøpe ei maskin som vi kan koste, brøyte, klippe og sugge opp i sandfangskummer med. Denne kan nyttast av eigeidom og teknisk drift.

Lysanlegget i Nordhordlandshallen må bytast ut. Dette vil betre tryggleiken og straumkostnadane går ned. Lysanlegget er i dag mellombels sikra, slik at det held seg på plass og ein må nytte kampbelysning for å få tilfredsstillande lys i hallen.

NY) Idrettshall Ostereidet

KO - 081/16 VEDTAK: Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 –
Nytt punkt 3: Fleirbrukshall Ostereidet. Oppstart 2019. Kostnad 40 mill. 20 mill. vert satt av i 2019. Spelemidlar 10 mill.

15) Utvikling av veg og parkering Kvamsvågen:

Avtalen med grunneigerer er i orden og arbeidet med å få kjørbare gongveg og parkeringsplassar tek til i 2017. Dette gjer at friområdet kan nyttast av alle. Det skal og anleggast handicap-plassar nede ved friområdet.

16) Ny Kolås barnehage

Rådmannen jobbar med ei studie for å finne eigna plass for ein ny barnehage på Lindås. Det er behov for ein barnehage for mellom 170 og 200 born. Deler av investeringa er lagt inn i 2020

17) Investering barnehagebygg:

Barnehager treng jamnleg oppgradering, tilbygg eller tilpassingar. Det kan vere behov for å byggje om for å få fleire grupperom, mindre tilbygg, nye tekniske anlegg m.m.

18) Nye bustader (rus/psykiatri):

Dette er såkalla «hardbruksbustadar» for leigetakarar som av ulike årsaker treng ekstra robuste bustadar, for å avgrense slitasje og hyppig rehabilitering. Det er ikkje avsett tomt til føremålet og dette må avklarast i fyste fase.

19) Investering bustader:

Det er eit stort behov for rehabilitering av bustadmassen, kommunale utleigebustader blir slitt og må rehabiliterast ved utflytting. Det er behov for sikring i høve til brann for brukarar med fysiske handikap og andre som treng assistert røming. Bruken av bustadar endrar seg stadig og med det kjem det andre krav og behov slik at bustadar også må endrast.

20) Investering institusjonsbygg og omsorgsbustader:

Midlane i 2017 skal i all hovudsak gå til sprinkleranlegg på den eldste delen av Ostertunet. Dette for å støtte krava til assistert røming risikoklasse 6. Midlar til mindre utvendig og innvendig rehabilitering av kommunale institusjonar og omsorgsbustader, inkludert oppgradering av brannsikring og andre tekniske anlegg.

21) Takheiser sjukeheim

Det er behov for fleire takheiser på 27 pasientrom på grunn av auka pleietyngde og som HMS tiltak.

22) Ombygging sentralkjøkken

Dagens kjøkken har behov for nytt kjølerom, nytt tørrvarelager, ny koldt-avdeling og grovkjøkken. Dette for å kunna driva meir effektivt.

23) Bufellesskap:

Bufellesskap for menneske med psykisk utviklingshemming. Tomt og plassering er ikkje avklart. Endelig behov vert avklart i bustadsosial handlingsplan.

24) Kyrkjeleg fellesråd:

Fellessrådet får overført midlar frå kommunen til å investera i mindre anleggsmidlar, til dømes utstyr og mindre rehabilitering/utskifting på bygg.

25) Vatn

Under investeringane for vatn ligg samanbinding av hovudvassverket Storavatnet og Kløve vassverk, med ny leidning mellom Kleivdal og Fammestad. Vidare inngår ny sjøleidning Kvamsvåg – Remme. Denne siste inngår i del av styrkinga av vassforsyninga til Alverstraumen/Hilland og framtidig samanbindingssystem mot Radøy.

På Mongstad er det vidareføring av byggeprosjektet med nytt behandlingsanlegg, samt fullføring av nytt leidningsnett ned til BOH-kaien. Vidare ligg det inne oppstart av ny stor fellesleidning for Statoil og kommunen mellom Sjursetvatn og Litlås. Utanom dette kjem ulike mindre utbyggings- og oppgraderingsanlegg, samt mykje planarbeid i høve storutbyggingane på Mongstad og i Knarvik.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattande og kompletterande investeringar for å styrke drikkevassforsyninga på Mongstad, med fullføring av hovudreinseanlegget og den nye store overføringsleidning Sjursetvatn – Litlås, samt del i ny overføring frå Tykhellervatn og til Sjursetvatn.

26) Avløp

Investeringane under avløpsbudsjettet er lagt opp til å omfatte ny pumpestasjon i Alverstraumen og overføringsanlegg over til Hillandsvatnet og vidare til Hilland Vest for midlertidig utslepp der. Vidare inngår mykje prosjekteringsarbeid for oppstart av hovudreinseanlegget på Kvassneset i Knarvik. Det er også forutsett oppstart av avløpsanlegg i forbindelse med transformasjon av Knarvik, samt etablering av avløpsanlegg i Sambindingsvegen på Mongstad.

Vidare inngår mindre prosjekter innan VA- oppgraderingar og -utskiftingar ulike stader.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til omfattande investeringar i avløpsoverførings-systemet frå Alverstraumen og til Knarvik, samt etablering av hovudreinseanlegget på Kvassneset i Knarvik. Vidare er det forutsett vidare transformasjon av Knarvik og utbygging av avløp, inkludert reinseanlegg på Mongstad Sør.

27) Veg

Dei kommunale bruene og kaiene har eit dokumentert etterslep på vedlikehald og er difor høgt prioritert i budsjettet.

I tillegg er det ved kartlegginga til hovudplan for kommunale vegar påvist eit stort etterslep på dei kommunale vegdekka (29,3 mill). For å ivareta vegkapitalen er det difor sett av 4 mill til asfaltering i 2017.

For å møte utfordringane med ekstremnedbør i samband med klimaendringane vil det også vere fokus på forsterking av overvassystema og rassikring av sideterreng i budsjett- og økonomiplan.

Det vil tilsvarende også bli sett inn arbeid med å tryggje vegar med usikre kantar med stålrekkverk og betongkantar.

Frå sentralt hald vert det kravd ombygging av alle eldre offentlege veglys, noko no er lagt inn i budsjett og økonomiplan.

Forutan nemnde tiltak, er følgjande punkt med i oppsettet til rådmannen sitt budsjett og økonomiplan:

Fornyng av driftsmidlar, nye vegskilt, vegmerking kommunale veger, vegutbetring Øvre Veland, vegutbetringar på Hopsdalsvegen, mindre utbetringar Bergås, Reikerås, Erstad og Bjørnevoll.

28) Brann

Det er laga ein langsiktig investeringsplan for brann og beredskap. I økonomiplanperioden blir det lagt opp til å investere i fleire nye kjøretøy og sikre utskifting av viktige driftsmidlar. I 2017 blir det mellom anna lagt opp til å investere i ein framskutt bil som skal sikre beredskapen innover Osterfjorden. I 2020 blir det investert i ein ny stor brannbil. I tillegg blir det investert i nødvendig utstyr for å tilfredsstille krav til «rein brannmann».

29) Universell utforming/ særlig tilrettelegging:

Denne posten skal nyttast om det til dømes kjem elevbar på skulene med særlege behov for tilrettelegging eller i barnehagane. Avvik i høve til vernerundane blir også lagt inn i denne posten.

30) Offentlige pålegg:

Dette er ein post for å lukke avvik som følgjer av offentlege pålegg. Døme på dette er brannavvik, krav om fettutskiljar, utfasing av oljekjeler osv.

31) Utvikling av Knarvik

I kommunestyremøte 18.06.15 (sak 60/15) blei det vedtatt ein plan for kva rolle kommunen skal ta i gjennomføringa av områdeplanen for Knarvik sentrum. I 2015 blei det lagt inn kr 25 mill i økonomiplanen for å sikre ei aktiv vidareutvikling av Knarvik. Midlane skal i hovudsak bli nytta til planlegging, prosjektering og direkte investeringar. Midlane kan også nyttast til forskottering av større infrastrukturprosjekt (døme: E39), prosjektleiing og som fondsmidlar i samband med utbyggingsavtalar. I 2015 og 2016 er midlane i stor grad brukt til å sikre vidare planlegging av Knarvik og sikre rett kompetanse til arbeidet. Mellom anna har kommunen sikra seg kompetanse på utbyggingsavtalar. Kommunen har også starta prosessen med å førebu prosjektering av E39 gjennom Knarvik. Dette er eit arbeid kommunen vil forskottere på vegne av Nordhordlandspakken.

32) Infrastruktur

Desse midlane skal nyttast til å investere i grunnleggjande samfunnsinfrastruktur som er viktig for busetting og attraktivitet i Lindås. Ramma på kr 6,5 mill.kr kan brukast til prioriterte infrastrukturprosjekt som ikkje er lagt inn som egne prosjekt i investeringsbudsjettet. I 2016 har Lindås blitt tildelt nasjonale midlar til breibandsutbygging. Midlar frå denne posten skal nyttast til eigendel i denne utbygginga.

33) Digitalt byggesaksarkiv:

Lindås kommune har i dag eit manuelt arkiv for eldre byggesaker og det blir brukt mykje tid og ressursar på å hente ut desse opplysningane manuelt, både til eige bruk og til publikum. Eit digitalt byggesaksarkiv vil vere eit særskilt viktig verktøy for å modernisere og profesjonalisere denne delen av forvaltninga. Det vil gje betre arbeidsprosessar, noko som er eit viktig mål for Lindås 2019. I tillegg vil det vere mulig for innbyggjarar sjølv å søke opp

sentrale opplysningar via nettsidene. Målet med eit digitalt byggesaksarkiv er:

- Betre service til kommunen sine innbyggjarar
- Digitalisering av tenester og arbeidsprosessar
- Enklare tilgjenge på dokumentasjon for sakshandsamarar og innbyggjarar.
- Raskare sakshandsaming
- Muligheit for auka inntening på ulike tenester

Prosjektet er lagt ut på anbod hausten 2016 og vil bli gjennomført i løpet av 2017

34) Digitalt kartverk:

Investeringar i nytt digitalt kartverk i samsvar med godkjent Geodataplan for Sogn og Fjordane og Hordaland i perioden 2017-2020. Kontinuerlig kartlegging FKB data og laserscanning i områder med stor aktivitet (Knarvik-Alver, Mongstad), nytt lansdekkande høydegrunnlag vert sett i verk i perioden, og omløpsfotografering FKB-data.

35) Kjøp bustader Hordasmibakken:

Sak 85/15: Lindås kommune gjev ein kommunal garanti, der Lindås kommune står inne for kjøp og oppgjer av inntil 14 bustadar i prosjektet Hordasmibakken (Gnr. 137 bnr. 779), med ei totalramme på kr 32 mill. Lindås kommune har rett og plikt til å peike ut kjøparar til dei 14 bustadane. Bustadane blir truleg ikkje innflyttingsklar før i 2017. Den kommunale kostnaden på kr 32 mill med prosjektet blir ført som investeringskostnad i 2017.

36) Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar:

Dette kan vere mindre tomtekjøp eller grensejusteringar av strategiske eller praktiske omsyn.

37) IKT-anlegg:

Investeringar i samsvar med kommunen sin vedtekne IKT-strategi. Dei siste åra i økonomiplanen må ein koma attende til i samband med revideringa av strategien.

38) Egenkapitalinnskott KLP

Lindås kommune bytta pensjonsleverandør til KLP frå 01.01.2014. KLP er eit medlemseigd selskap, og det er derfor naudsynt å gå inn med eigenkapital tilsvarande kommunens del av selskapets totale forvaltning.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato

Dykkar dato

Vår referanse

2016/12828

Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETTET 2017 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2017.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane» utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det økonomiske opplegget for 2016

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 6,4 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr. 3,1 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 6,4 prosent til 8,7 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2015. Bakgrunnen for den store skatteveksten i år er i hovudsak at aksjeeigarar har teke ut ekstraordinært stort utbyte for inntektsåret 2015, jamfør skattereforma frå 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,6 prosent. Lønsvekst inngår i denne med 2,4 prosent. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2017

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 2,3 prosent. Den relativt låge pårekna skatteveksten frå 2016 til 2017 skuldast den ekstraordinære skatteveksten i 2016. Pårekna skatteinntekter i 2017 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (0,7 prosent) og lønsvekst (2,7 prosent).

Skatteøyret for kommunane er i 2016 11,8 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent også for 2017.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2017.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,5 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 2,7 prosent for 2017 og tel om lag med to tredelar i den samla kostnadsdeflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med knapt 2,2 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2017. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2015. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2016 og 2017.

I berekning av skatteprognose for 2017 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2015 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2015. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01. 2017 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2016 til 2017 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- bortfall av ekstraordinært skjønstilskot frå perioden 2011 - 2016
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2016 til 2017 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2016 til 2017 med om lag kr. 3,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene på kr. 3,6 mrd. er realauke slik at priskompensasjonen frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,0 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,75 mrd. (kr. 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga).

Auken i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på grunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiseringskostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.

3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:

- Kr. 150 mill. til tidleg innsats i grunnskulen
- Kr. 300 mill. til auka satsing innan rusomsorg
- Kr. 100 mill. til opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering
- Kr. 50 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2016 til 2017 med 2,7 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år. Den låge pårekna veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 har samband med den ekstraordinære skatten i 2016.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg i vedlagt tabell. Endringar i rammeoverføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øyremerka tilskot.

Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet i 2017

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det på bakgrunn av auka arbeidsløyse vedteke eit vedlikehaldstilskot til kommunar på Sør- og Vestlandet med kr. 400 mill.

Det er for 2017 framlegg om kr. 650 mill. i øyremerka tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet.

Kr. 400 mill. av tilskotet vil bli fordelt til kommunar som ved utgangen av august 2016 hadde arbeidsløyse over landsgjennomsnittet, det vil seie over 3,1 prosent. Det blir ikkje lagt opp til søknader frå kommunane. Kommunane vil få eit likt tilskot per arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent, per utgangen av august i år.

Fordelinga av dei attståande kr. 250 mill. vil bli vurdert nærare over nyttår i lys av den faktiske utviklinga i arbeidsløysa. Det er difor ikkje teke stilling til den konkrete fordelinga av denne delen av ramma.

Av ramma på kr. 400 mill. er det, basert på framlegget, gjort følgjande deling for kommunane i fylket, til utbetaling i 2017. I kr. 1.000,-:

Bergen	26154
Bømlo	2107
Stord	13268
Fitjar	189
Tysnes	235
Kvinnherad	4265
Samnanger	144
Os	3515
Sund	2582
Fjell	13022

Askøy	4969
Meland	1435
Øygarden	3597
Radøy	911
Lindås	2742
Austrheim	1542
Fedje	201
 Sum Hordaland	 80878

Skule

Kr. 150 mill. av veksten i dei frie inntektene til kommunane er knytte til ei styrking av arbeidet med tidleg innsats i skulen. Regjeringa vil senda på høyring eit lovframlegg om tidleg innsats. Fagleg svake elevar skal få tilbod om tidsavgrensa intensivopplæring.

Helse og omsorg

Opptappingsplan for rus

Det har vore ei opptapping i løyvingane til rusområdet i perioden 2014 - 2016. Det er framlegg om ei ytterlegare opptapping for 2017 med kr. 345 mill. Av dette kjem kr. 300 mill. gjennom ei styrking av dei frie inntektene.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Det er framlegg om ein auke i rammetilskotet på kr. 50 mill. knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2017 vil rammetilskotet knytt til føremålet kome opp i samla kr. 734,4 mill., medrekna opptappinga frå åra før 2017. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

I tillegg er det framlegg om øymerka tilskot på kr. 101 mill. over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til kommunar som kan dokumentera at midlane over rammetilskotet er brukt til denne tenesta.

Opptappingsplan for rehabilitering og habilitering

Kr. 100 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til auka satsing på rehabilitering og habilitering. I tillegg er det framlegg om å øymerka kr. 100 mill. til opptappingsplanen, av dette kr. 91 mill. i eit nytt øymerka stimuleringsstilskot for kommunane over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Det er framlegg om øymerka tilskot i 2017 på til saman kr. 45 mill. for å leggje til rette for 750 plassar i 2017. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

For 2017 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 1800 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i 2016 kr. 3.060.000,- (for Bergen kommune er dette kr. 3,5 mill.). Dette grunnlaget blir prisjustert til 2017 - kroner.

I 2016 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimsplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2017 som i 2016.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Regjeringa gjer framlegg om ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det berre blir gitt tilskot til investeringar som aukar det samla talet på plassar i kommunen. Framlegget legg opp til at det ikkje vil bli gitt tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar etter ein overgangsperiode. Det blir lagt opp til ei gradvis omlegging slik at det i 2017 vil vere 20 prosent av tilskota som blir reserverte plassar som gir netto vekst i kommunen. For 2018 vil 40 prosent av tilskota bli reservert plassar som gir netto vekst o.s.v. Frå 2021 er det i framlegget lagt opp til å berre gi tilskot til nye plassar.

Aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp

Det er framlegg om ei løyving på kr. 60 mill. i kommunane sitt rammetilskot for meirkostnader som følgje av innføring av aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp som er under 30 år.

Døgnopphald - hjelp

Frå 2017 får kommunane ein plikt til å tilby hjelp med ein gong døgnopphald også for personar med psykisk helse- og rusproblem. Den kommunale plikta skal berre omfatta personar som det for kommunen er mogleg å utgreie, behandla eller yta omsorg til. Det er framlegg om å innlemma kr. 86,5 mill. i kommunane sitt rammetilskot knytt til føremålet.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2017 er basert på direkte lønsutgifter i 2016 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2017:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1081 mill. til kr. 1157 mill. for netto utgifter i 2016. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 50.000,- utover prisjustering. Det inneber difor ei innstramming i tilskotsordninga.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2017 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2016. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremærka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Frivilligsentralar

Ansvar for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa gjer framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot.

Det øyremærka tilskotet frå Kulturdepartementet var i 2016 kr. 127,8 mill., som prisjustert til 2017 blir kr. 131 mill. Dette tilskotet blir i 2017 innlemma i rammetilskotet. I tillegg er det framlegg om å auka løyvinga med kr. 20 mill., slik at samla ramme til fordeling i rammetilskotet blir kr. 151 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling av det øyremærka tilskotet i 2016.

Inntektssystemet i 2017

I Fylkesmannen sitt brev av 23.mai d.å. om kommuneopplegget for 2017 er det gitt opplysningar om inntektssystemet for 2017. Vi viser til informasjon i dette brevet.

Vidareføring av noverande inntektssystem frå 2016 til 2017. Det er ikkje lagt opp til endringar i inntektssystemet knytt til:

- inntektsutjamning
- overgangsordninga INGAR
- telletidspunkt

Veksttilskot

For veksttilskotet er det framlegg om å redusera vekstgrensa for tilskot frå 1,5 prosent til 1,4 prosent. Tilskotssats per innbyggjar ut over vekstgrensa blir kr. 57.191,-.

Nytt inntektssystem for kommunane. Det vil vere knytt til:

- gradering av basistilskot på grunnlag av strukturverdi
- distrikttilskot Sør - Noreg
- småkommunetillegg
- oppdatering av kostnadsnøklane

Basistilskot

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet skal vere eit like stort tilskot per kommune. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter strukturverdi i høve til grenseverdi. Grenseverdien blir 25,5 km. Det vil seie at ein kommune som har strukturverdi lik eller meir enn 25,5 kilometer vil få fullt basistilskot.

Dersom strukturverdien er lågare enn 25,5 km, vil basistilskotet bli mindre enn fullt tilskot. Fullt basistilskot i 2017 vil vere om lag kr. 15 mill. per kommune.

For distriktstilskotet og småkommunetillegget vil det bli lagt til grunn nyare distriktsindeksar enn det som var kjende i mai i år. Grunnlaget for begge tilskota vil vere distriktsindeksane for 2015.

Trekk i småkommunetillegget, samanlikna med fullt tilskot, vil for 2017 vere basert på distriktsindeksane for 2015:

	<u>Distriktsindeks</u>	<u>Trekk</u>
Fitjar	55,9	- 50 %
Tysnes	38,3	- 10 %
Jondal	25,0	- 0 %
Ulvik	24,7	- 0 %
Granvin	26,3	- 0 %
Samnanger	54,1	- 50 %
Austrheim	73,3	- 50 %
Fedje	19,5	- 0 %
Masfjorden	45,1	- 40 %

Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane grunngevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2017.

Kommunereform

Tilskot mellomstore kommunar

Det vil bli gitt tilskot til mellomstore kommunar der det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden for kommunereforma. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing og ikkje få storbytilskot. For landet er det ei ramme på kr. 100 mill. for 2017, som svarer til andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet, med heilårsverkнад, kr. 200 mill.

Det er lagt opp til at 60 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per samanslåing. 40 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per innbyggjar.

Fordelinga vil bli gjort våren 2017.

Kompensasjon for redusert basistilskot

Kommunar som slår seg saman, og som mellombels får redusert basistilskot i perioden fram til samanslåinga trer i kraft, vil få ein eigen kompensasjon frå og med 2017. Kompensasjon for redusert basistilskot vil bli gitt av ei ramme på kr. 300 mill. av departementet sine skjønsmidlar i 2017.

Fordelinga av dette tilskotet mellom kommunane vil bli gjort etter Stortinget si handsaming av kommunereforma våren 2017.

Denne kompensasjonsordninga omfattar ikkje endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget.

Kompensasjon knytt til reduksjon i basistilskot (kr. 300 mill.) og tilskot mellomstore kommunar (kr. 100 mill.) erstattar ekstraordinært skjønstilskot frå departementet i perioden 2011 - 2016. Denne kompensasjonen vart gitt til kommunar som tapte mykje på omlegginga i inntektssystemet i 2011.

Inndelingstilskot og eingongstilskot

Kommunar som slår seg saman vil få erstatta bortfall av basistilskot og eventuelle bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet og kriteriegrunnlaget for 2016. Inndelingstilskot blir gitt frå og med året når samanslåinga blir sett i verk. Det blir gitt årleg priskompensasjon slik at realverdien blir oppretthalde dei første femten åra. I 2016 er basistilskotet om lag kr. 13,2 mill. per kommune.

Vi viser til vårt brev av 19.mai 2015 om kommuneopplegget for 2016 med nærmare informasjon om inndelingstilskot og eingongstilskota (for eingongskostnader og reformtilskot) i samband med kommunesamanslåing.

Tilskot for eingongskostnader vil bli utbetalt i 2017 når Stortinget har gjort nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift



DEN NORSKE KYRKJA

Lindås kyrkjelege fellestråd

Til Lindås kommune ved ordførar og rådmann

Knarvik, 30. oktober 2016

Lindås kyrkjelege fellestråd – søknad om drifts-, vedlikehalds- og investeringstilskot for 2017 jfr KL §15

Lkf viser til brev frå fellestrådet til Lindås kommune av 26. mai 2016 om kommentar i samband med 1. tertialrapport og møte med ordførar, rådmann og kommunal representant i fellestrådet 28. september 2016. Lkf viser vidare til sak med oversyn over akkumulert trong for vedlikehald i samband med kyrkjebygga i Lindås av 29.mai 2016.

Samandrag

1. Lindås kyrkjelege fellestråd har i løpet av åra 2014 / 15 opparbeida eit samla meirforbruk i driftsrekneskapen på NOK 271.000. Prognosane for 2016 gjer håp om eit resultat rundt null, men dette skuldast medveten bruk av vakansar i samband med overgang til pensjonisttilvere for fleire medarbeidarar i Lkf dette året.
2. Lindås kyrkjelege fellestråd viser til sak om Akkumulert vedlikehaldsbehov vedr kyrkjene i Lindås, og vil særleg vende merksemda mot blyglasvindauga i Alversund kyrkje. Prisoverslag for dette utbetningsarbeidet er sett til NOK 1.1 mill. Dette arbeidet har høgste prioritet frå kyrkja si side, og vil kunne utførast så snart finansiering ligg føre.
3. Samla budsjettsøknad frå Lkf til Lindås kommune for drift 2017 ligg på NOK 11.369.000. Arbeidet med budsjettet for 2017 syner så langt store utfordringar om ein skal halde kostnadane nede med den organisasjonen og strukturen som ein har i dag.
4. Fellestrådet har i budsjettet for 2017 rekna med ein inntekt på NOK 1.85 mill innanfor eigen aktivitet/ tilskot frå andre.

5. Sist, men ikkje minst vil Lindås kyrkjelege fellesråd søkje om investeringstilskot med NOK 500.000 som tidlegare år. Kyrkjeleg fellesråd har etablert ei utskiftingsplan for sikringstavler og inntak i kyrkjene våre. Fleire av desse bygga er gamle, og fleire av dei elektriske anlegga er over 50 år gamle.

Driftsbudsjett 2017 i høve til 2016

Alle tal i heile tusen

	Gravplass	Kyrkje	Trusopplæring	Budsjett 2017	Budsjett 2016
Lønsskapitlet	kr 2 164	kr 7 170	kr 970	kr 10 304	kr 10 002
Administrasjon	kr 100	kr 1 400	kr 30	kr 1 530	kr 1 299
FDV/Anlegg	kr 447	kr 848		kr 1 295	kr 1 139
Kyrkjefag		kr 50	kr 40	kr 90	kr 110
Kostnadstal	kr 2 711	kr 9 468	kr 1 040	kr 13 219	kr 12 550
Søknad om kommunalt tilskot	-kr 2 201	-kr 9 168	0	-kr 11 369	-kr 10 700
Eigne inntekter / anna tilskot	-kr 510	-kr 300	-kr 1 040	-kr 1 850	-kr 1 850
Sum / Saldering	kr 0	kr 0	kr 0	-kr 0	kr 0

Det kommunale tilskotet har vore uendra sidan 2014.

Auke i budsjettala i høve til 2016

- Prosten i Nordhordland har lagt fram om tal på forordna gudstenester for prostiet og dermed også for Lindås. Dette talet syner for Lindås 20 gudstenester meir enn det som har vore røynda dei siste åra. Denne auken må Lkf ta med innleige av vikarar kva gjeld kyrkjemusikk og kyrkjjetenar, ettersom ein over dei to siste åra har optimalisert bruken av fast tilsette gjennom forbetra rutinar. Prislappen på denne auka vikarbruken er berekna til NOK 75.000.
- Budsjett 2017 gjer rom for lønsauke med inntil 3%. Dette fører med seg ein kostnadsauke på ca NOK 210.000.
- Kostnader til husleige (kontor) forventast å auke frå kr 310.000 til kr 400.000, m.a. i samband med at staben i Alversund blir flytta over til Knarvik kyrkje.
- Lkf sine IKT-løysingar er ikkje tilpassa ei moderne verksemd, i det ein framleis i praksis har fire kontor-einingar der dei tre kyrkjelydskontora utfører stor grad av parallelle oppgåver, m.a. grunna at ein ikkje har

oppdatert kommunikasjons-løysingar. I budsjettet for 2017 er lagt inn NOK 110.000 knytt til etablering av fiber til dei tre kyrkjelydskontora.

- Lkf går inn for endringar i festeavgift og festeperiodar som på kort sikt fører til reduserte årlege inntekt frå gravstell med NOK 100.000

Søknaden om driftsbudsjett frå Lkf er delt i to i 2017

Som varsla i september deler kyrkjeleg fellesråd denne gongen opp søknaden om driftsmidlar i to deler; ettersom den delen av tilskotet som gjeld kommunen sitt tilskot til drift av gravplasser (Kyrkjelova §15.b) skal skiljast ut; jfr Lov om trdomssamfunn og ymist anna §19.3

1. Søknad om løyving til gravplassane jfr KL §15.b

Drifta (FDV- forvaltning, drift og vedlikehald) av dei 14 gravplassane i Lindås vert utført av ein samla bemanning på 3,6 årsverk. Desse er 2 årsverk fast tilsette og 1 årsverk sesonghjelp, i tillegg til ein kalkulert stillingsstorleik på 60% knytt til forvaltning og administrasjon, plassert ved kyrkjevevja si administrasjon i Lonsvegen. Som meldt i september har ein med denne bemanninga kapasitet til å slå gravplassane ein gong i løpet av to veker i vekst-sesongen mai til oktober.

Samla kostnadsbudsjett for gravplass er på 2.7 mill i 2017. Dette inkluderer i tillegg til stillingar nemnde over (NOK 2.17 mill) også energiforbruk, forsikringar, kommunale avgifter og vedlikehald i tillegg til andre driftsutgifter knytt til transport og anleggsmateriell.

Inntektsbudsjettet for gravplass syner 0.5 mill i forventa inntekt frå eigen aktivitet. Lkf gjort framlegg om å auke festeavgifta vesentleg. Inntektene er likevel justert ned i budsjettet ved at ein har redusert festeperioden frå 20 til 5 år, i tråd med departementet si tilråding i NOU2014:2; «Lik og likskap».

Når det gjeld investeringsbehovet for gravplassane vil kyrkjeleg fellesråd melde at ein i starten av 2017 vil starte arbeida med å utgreie ny gravplass ved Lindås kyrkje i samband med den «nye» gravplassen mellom kyrkja og senteret. Kyrkjeleg fellesråd vil finansiere innleiande arbeider med fondsmidlar, og vil kome attende til Lindås kommune med økonomiske og planmessige innspel i samband med kommunen si handsaming av økonomiplan i april.

2. Søknad om løyving til kyrkja jfr. Kyrkjelova §15 (KL) a, c, d, e, f

- KL §15.a

Til vedlikehald og drift av kyrkjer; inklusive reinhald, energi og forsikring: 0.85 mill. Heller ikkje i år er det rom for mykje vedlikehald av kyrkjebygg i Lkf sitt ordinære driftsbudsjett, (NOK 85.000, til ad hoc-tiltak).

- KL §15.c

Til stillingar som nemnde i §15c: 6,9 årsverk: 4.9 mill inklusive naudsynte vikarar for kyrkjemusikarar og kyrkjetenarar til gjennomføring av gudstenester. Sjå over. Øvrige driftskostnader her er berekna til NOK 745.000. **NB! Samla ressurs for kyrkjetenar / reinhaldar vil bli for liten når Knarvik kyrkje blir ferdig. Eit minimum her er auke med 20% stilling, som vil koste rundt NOK 120.000. Dette ligg ikkje inne i årets søknad.**

- KL §15.d og f.

Slik det er i dag er samla bemanning til administrativ hjelp for sokneråd og fellesråd på 2,1 årsverk; NOK 1.26 mill. Øvrig drift av administrasjon og kontor for prestar og tilsette i Lkf er berekna til NOK 600.000. **NB! Den administrasjonsressursen som kyrkjeleg fellesråd har i dag har synt seg å vere for liten. Fleire av sokneråda har søkt auka hjelp til administrative oppgåver, jfr Kyrkjelova §8, slik Radøy og Meland sokn har. Sakshandsaming og sekretæroppgåver ved kyrkjevevja sitt kontor er heller ikkje tilfredsstillande bemanna. Slik kyrkjeleg fellesråd ser dette i dag er det snakk om samla behov for auka ressurs med eitt årsverk; ca NOK 650.000 inkl sosiale kostnader og kontorplass. (20% til kvar av stabane og 40% ved kyrkjeleg fellesråd). Dette ligg ikkje inne i årets søknad.**

- KL §15.e

Talet på konfirmantar har i seinare år lagt mellom 140 – 165. Lkf har 1,5 årsverk (NOK 1.02 mill) for å planleggje og gjennomføre undervisning og anna opplegg for desse, eventuelt i samarbeide med prestar og andre.

- Lkf har ei løyving frå Kyrkjerådet / Bispedømet(NOK 1.0 mill) som skal gå til trusopplæring etter eigen plan. Desse midlane finansierar førebels 1,6 årsverk som er fullfinansierte over denne løyvinga. Aktiviteten krev derfor ikkje kommunalt tilskot.

Konklusjon

Samla netto søknad om driftstilskot til tenestoområde gravplass	2.201.000
Samla netto søknad om driftstilskot til tenestoområde drift av kyrkjene og kyrkjeleg organisasjon	9.136.000
Søknad om tilskot til investeringar	500.000
Søknad om tilskot til akkumulert vedlikehald	1.100.000
Søknad om ekstraordinært tilskot til å dekkje tidlegare underskot	271.000

For Lindås kyrkjelege fellesråd,

Borghild Toft (s)
leiar

Torgeir Paulsen
kyrkjeverje